




70 år med tamrein

Lom Tamreinlag 1926-1996

Jon Kolden



Utgjeve av Lom Tamreinlag, 1996

70 år med tamrein

Lom Tamreinlag 1926-1996

Utgjeve av Lom Tamreinlag, 2686 Lom

Formgjeving: Visus, Lom


Trykk: Valdres Trykkeri a.s.

Innbinding: Gjøvik Bokbinderi

1996

ISBN 82-994065-0-1







Innhold


Å sjå seg attende.	7
Fjell og rein.	8
Jakt og regulering av jakta.	8
Flokkane minkar.	10
Tamreindrift i Sør-Noreg.	12
Tamreinen kjem åt Ottadalen.	14
Korfor tamrein ?	15
Igangsett ved eit heradstyrevedtak.	16
Frå tamreinnemnd til generalforsamling.	18
Driftsåra fram til krigen.	20
Gjeting og beiteområde.	21
Ny slakteplass.	23
Fleire år med reinkjøp.	24
Små og store problem.	25
Overgang til andelslag.	28
Krig og etterkrigstid	30
Dei vanskelege 50-åra.	34
Snuoperasjonen.	36
Beite og grenser.	40
Villrein eller tamrein ?	42
Sygnefjellet,eit konfliktsområde?	44
To rettsaker.	45
Nye hjelpemiddel og nye driftsformer.	48
Ny flokkstruktur.	51
Tsjernobyl og nedfôring.	52
Samkvem og samarbeid.	54
Tamreinlaget og bygdafolket.	56
Å vera gjetar.	58
70 år med tamrein.	62
Tillitsmenn.	64



Lom Tamreinlag håpar at denne boka fortel korleis det har vore å drive med tamrein i desse 70 åra, og vil samstundes takke alle arbeidstakarar og tillitsmenn for godt utført arbeid til beste for laget og til nytte for bygda.

Styret





Å sjå seg attende



Når ein kjem opp på ein fjelltopp eller passerar ein milstolpe, kan det vera naturleg å snu seg og sjå attende på den vegen som er gått. 1996 er vonleg ingen topp for Lom Tamreinlag, i den tydinga at no går vegen nedover att, men året er ein milstolpe, for laget har vore reineigar i 70 år. Derfor ynskte styret å få skrive ned noko av saga åt denne tamreindriften, og valde Simen Bjørgen, Eilev Graffer, Kolbjørn Grindvold, Magnar Hansen og Guttorm Myren til å stå for utgjevinga.

Underskrivne vart spurd om å redigera jubileumsheftet. Mesteparten av opplysningane er henta frå møtebøkene. Desverre manglar to protokollar: ein for perioden 1943- 1953 og ein frå 1987-1992. Den siste gjekk tapt i ein brann. Elles er det leita litt i lagsarkivet, men det var ikkje tid til å gå i gjennom alt, heller ikkje rekneskapsbøkene

er brukte som kjelder. Dei årsmeldingane som har vore tilgjengelege har vore til stor nytte.

Ein del opplysningar byggjer på samtaler med Simen Bjørgen, Karl Fuglesteg, Eilev Graffer, Kolbjørn Grindvold, Asbjørn Hansen og Sylfest Storlien. Asbjørn Hansen har og gjeve meg lov til å nytte meg av eit notat frå ei samtale med Gudbrand Kveen.

I fyrste delen er det fortalt noko om tida før 1926 og litt om tamreindrift i Sør-Noreg. Her har eg brukt opplysningar frå litteraturlista som er attgjeve bak i boka.

Dette heftet inneheld berre smakebitar av alt som har hendt og alt som er gjort gjennom 70 år. Dersom det som har kome med, fortel noko om korleis det har vore å arbeide med rein i Lomsfjellom, har eg kanskje gjort gagns arbeid.

Jon Kolden



Fjell og rein

Reinen høyrer høg fjellet til. Her har reinsflokkane vandra fram og attende sidan istida, ja det er funn som tyder på at det har vore reinsflokkar her i landet i mellomtida og. Forskarane er usikre på kvar reinen kom frå, fylgde dei fyrste reinane iskanten nordover, eller kom dei fyrste flokkane austfrå? Og menneska fylgde etter, reinen dei jakta på avgjorde kvar dei slo seg ned for stuttare eller lengre tid. Også etter at jordbruket førde til at folk vart fastbuande, ga reinsjakta eit tillegg i kosten for dei som kunne koma til fjells og hente seg kjøt, og skinn; bein og horn kunne og koma godt til nytte.

Jakt og regulering av jakta

Jakt på rein vart ei attåttnæring for lokalsamfunnet. Etterkvart kunne nok ikkje alle gå etter reinen, fangstmåtane kravde mykje arbeid, alle kunne ikkje grava seg reinsgraver eller skaffe seg skytevåpen da dei kom i bruk. Det var nok ikkje rein nok heller, så reinskjøtet var ikkje allemannsmat i den tida villreinen fanst i dei fleste fjell, både i Sør-Noreg og nordafjells. Og ein høyrer ikkje noko om at denne matkjelda var til større hjelp dei gongene kornet ikkje mognast og svolten melde seg i fjellbygdene. Kanskje var reinsjakta ei hjelp for nokre huslydar, men heile bygda kunne ikkje bergast i gjennom grønår og uårstider. Dei drog heller over fjellet etter korn enn inn i fjellet etter kjøt.

Betre jaktvåpen ga betre fangst, og etter ei tid melde spørsmålet seg om jakta burde regulast. Denne tanken var framme alt på 1500-talet, og kring 1730 kom det ei forordning om at reinen berre skulle fellast i visse tider, og at kvar jeger skulle få skyte 2 dyr. Påbodet vart nok ikkje gjennomført, bygdefolket protesterte, dei var vane med å taka så mange rein dei kom over.

Det var eldvåpen på slutten av mellomalderen, men det vart den nye herordninga på 1600-talet som førde til at det vart fleire jaktgevær rundt om kring i bygdene, og hadde ikkje jegarane slutta med reinsgraver, arbyste eller andre fellingsmåtar før, så vart det kuler og krut som skapte omskiftet i jaktmetodane. At ein finn stål-bogar i skifteprotokollane på 1600-talet fortel vel berre at dei tok vare på dei gamle våpna og. Og folk tala om reinsflokkane som noko fast og sikkert, noko dei kunne skyte på eller slakte ned, til mat for seg sjølve og huslydane heime. Sidan reinen er eit flokkdyr, og kunne vandre fram og attende gjennom fjella frå Sør-Trøndelag og nedover til Setesdalsheiane, så trudde nok jegarane at det var uavgrensa med dyr å jakte på. Vart reinsflokkane borte, skuldast det vind og ver meir enn skytevåpen og rasulykker.

Ikkje alle jegarar var som han Peder Clausson Friis (1545-1614) fortel om. Han hadde høyrte om ein jeger som skaut 180 rein, reiv av dei skinnene og let kjøtet liggje att og rotne. Jegerane nytta nok mesteparten av dyret, men tenkte nok



sjeldan på at hard nedskyting kunne føre til at reinen vart borte frå fjellet. Og dei eldste geværa var for tungvinne og nådde for stutt til at bruken kunne skapa katastrofe. Det var ut på 1800-talet at raske handvåpen med større rekkevidd vart eit trugsmål for villreinen. Dessutan kom fleire og fleire utanbygds jegerar med gode våpen til fjells og ville vera med å dele byttet med dei innanbygdsbuande. Kanskje den aukande interesse for denne jakta frå andre enn bygdefolket fekk styresmaktene til å ta opp

spørsmålet om ei regulering av reinsjakta. I 1845 vart jakta avgrensa til 8 månader i året. Tidsavgrensinga høvde visst ikkje jegerane i Ottadalen. I 1868 vart det referert eit vedtak i Vågå formannskap der Lom formannskap vart bedne om å stø ein søknad om å få avslutta fredingstida for rein den 1. juli. Lom formannskap vart samd i framlegg-et, for dei tykte reinskalven var såpass stor så langt ut på sumaren, at han kunne greie seg sjølv. Men dei rekna ikkje med at dei ville bli høyrde. Dei hadde sendt avgarde

liknande førespurnader før, utan at noko hadde kome ut av det. I staden vart jaktida sett ned til 2 1/2 månad i 1881, og i 1889 vart jaktida berre 30 dagar. Og det enda med at det i 1899 vart innført jaktkort, med rett til å felle 3 dyr på kvart kort. Og jaktida vart sett ned til 14 dagar.

Likevel måtte styresmaktene innføre jaktstopp mellom 1902 og 1907. Det var ikkje nok rein å jakte på, om reinstammene skulle overleva.



Flokkane minkar

Det var ikkje berre geværet si skuld at reinsflokkane minka for kvart år utover på 1800-talet. Sjølv sagt var knall-lås og bakladegevær eit stort framsteg, men berre få bygdajegerar kunne skaffe seg slike våpen. I vår tid er vi vane med at fjellområda blir inndelte i felt og at dei som ynskjer å drive reinsjakt må velje eit felt å søkje på. Vi er og vane med at det blir ført nøye kontroll med avskytinga, det er fastlagt på førehand kva slag dyr jaktkortet gjeld og kvar det kan skytast. Reguleringa av jakta på 1800-talet fann ikkje på noko slikt. Alle kunne leite opp reinsflokkane kvar som helst og ingen fastsette nokor øvre grense for kor mange dyr jegerane kunne skyte eller skadeskyte. Reinen vart etterkvart utsett for eit slags jaktpress, og før 1900 vart fjellet oppdelt av vegar og av jernbaneliner, noko som gjorde at vandreområda vart noko mindre. Når så Krag-Jørgensengeværet vart teke i bruk, hadde jegeren større føremonar. Betre rifler førde ikkje med seg betre jaktmoral. Reinen går i flokkar, og skyting inn flokken ga nok resultat for jegeren, men skadeskytinga auka, når børsa bar mykje lenger enn dei gamle jaktvåpna. Dei nye våpna og dei gamle jaktmetodane kunne utrydde reinen.

Ingen visste kor mykje rein det var i fjellet. I 1870-åra gat professor Friis på at det var 4000 rein i Sør-Noreg. Han bygde da på at 10 % av flokken vart felt kvart år, men seinare påvisingar har kome til at talet var for lågt. I 1909 meinte dr. Bruun i Hallingdal at villreinen i Sør-Noreg

talde omlag 20 000. Han bygde på at kring 5.5 % av villreinflokkane vart felt, eller vel halvparten av det Friis gjekk ut i frå. At reinsflokkane var minkande var tydeleg for folk som for i fjellet. Elles kunne ikkje jegerane gå 6-8 dagar på jakt utan å sjå ein einaste rein. Men ein kan ikkje sjå at det vart prøvt nokor form for teljing. Den einaste statistikken som vart prøvt å få fram, var ein fellingsstatistikk frå 1889 og framover. Lensmennene fekk til oppgåve å sende inn talet på felte dyr i sitt distrikt, men skulle ikkje reise rundt for å få tak i tala. Mange har peikt på at tala vart for låge, for di jegerane ikkje var pålagde å melde frå om reinfall, og slett ikkje dersom jakta gjekk føre seg på privat eller kommunal grunn.

Ein veit heller ikkje om talet på jegerar auka, og om kor gode geværa vart gjennom registreringsperioden. Ser ein på tala for Lom i tida 1889-1901, før det kom fem år med jaktforbod, så ser ein at høgste talet finn ein i 1898 med 73 felte rein, og færrest dyr vart skotne i 1895, da er det meldt inn 19 dyr. Etter at det vart innført jaktkort frå 1899, kunne lensmennene lettare føre liste over kven som jakta innan bygda, og oppgåvene over felte dyr kunne bli noko meir å lite på. Sjølv sagt vart høgste talet i 1908, da det vart skote 246 dyr. Lågaste talet finn ein i 1919. Da kom det berre 19 dyreskrottar ned i bygda. Men da hadde kanskje reinsflokkane vorte så småe og sjeldan, at fleire jegerar ga opp tanken om å reise til fjells med børsa.



Ser ein på dei to omlag like lange periodane 1889-1901 og 1907-1919, og finn fram til medeltalet pr år i tida før og etter fredingsperioda 1902-1906, så verkar det likevel som om det var meire rein i siste registreringsperioda. Medeltalet for Lom og Skjåk var før 1901 81.5 felte rein pr. år medan det etter 1906 vart skote 130 dyr pr år. Totalt vart det i desse to bygdene skote 1059 rein før 1902, og 1690 mellom 1907 og 1919. Desse tala er henta frå Kristian Nissen: Norsk Vildrenstatistik, og grunnen til at det er teke med tal frå både bygdene, er at for sume år er tala slegne saman, utan nokor fordeling på dei to bygdene innan same lensmannsdistriktet. Det var ikkje berre jakta som var årsak til at det vart mindre villrein. Kolbjørn Grindvold hermer Bertil Glømsdal som fortalde at i 1911 var det ei fæl lukt i Elgsløyften. Ei snøskriu hadde gått nedover Lauvhøe mot Fossbotten. Ho vart sagt å vera 1 km brei og hadde teke med seg omlag 200 rein. Den ihelslegne reinen vart liggjande og rotne, og dette skapte ikkje nokor godlukt. Tosten Kleivsløtten prøvde å rive av skinna på nokre reinar, men fekk ikkje nokon nytte av dei, reinen hadde lege der for lenge.

Tanken om å få til ei ny fredingsperiode var framme i Lom kommunestyre frå 1915 og utover. Dette ynsket kunne ikkje byggje på fellingsstatistikken, men på sjølvsyn og eiga røynsle. Etter at det vart innført jaktkort, kom kommunestyret, som meinte seg å representere bruksretten til fjellet, i konflikt med styres-

maktene og representantane for eigedomsretten til same fjellområdet. Lom kommunestyre meinte å ha rett til å skrive ut jaktkort innan statsålmenna, sidan reinen beita på område som bygdefolket elles brukte til sine beitedyr. Fleire gonger etter 1910 ga dei kommune-kasseraren fullmakt til å ste ut jaktkort i konkurranse med lensmannen sine kort. Kommunen ynskte at inntektene skulle bli verande innan bygda, inntekter som kom frå eit fjell som bygda meinte dei burde ha rådvelde over. Staten stemnde kommunen inn for forlikrådet i 1911, og i 1914 reiste departementet sak mot Lom kommune fordi dei heldt fram med kommunale jaktkort. Kommunen og Staten gjorde forlik i 1916, og da fjelllova kom i 1920, vart denne striden borte, fordi fjellstyret både kunne representere bruksretten og få vedtaka sine godkjent av departementet og dermed av staten som eigar. Fjelllova gjorde det og lettare å få løyst spørsmålet om innføring av tamrein, ein tanke som vart teke opp i tida før 1920.



Tamrein i Sør-Noreg

Alt i 1770-åra prøvde nokre bønder i Uvdal å halda tamrein, der beiteområdet var vestover opp til grensa mot Hordaland. Det var ulveplaga som gjorde at forsøket mislykkast. Omlag samtidig var det tamreinflokkar på mellom 50 og 200 rein som bøndene i Sirdal og Høgsfjorden hadde skaffa seg. Både rovdyr og vanskelege tilhøve ved kalvinga gjorde at flokkane vart oppløyste og gjekk inn i villreinflokkane. Fleire bygdelag ville prøve tamrein i 1780-åra, både i Hallingdal og Hardanger vart det kjøpt inn rein. I Hol i Hallingdal fekk Erik Uren premie frå Det Danske Landhusholdningsselskap for å ha innført rein i Holsfjella. I Hardanger hadde reingearane to samar til å hjelpe dei med gjetinga, og det er fortalt at kona Lucie og sonen Zakarias var påpasselege med gjetinga av den reinsflokk-en dei hadde fylgt hit. Men etter ein tvist mellom luteigarane, heldt ikkje gjetarane ut lenger. Ved avreisa sa Lucie at det skulle koma ein annan gjetar etter dei, og han ville ikkje stelle så pent med reinen. Ho tenkte på ulven. Han møtte opp, og reinen vart spreidd til alle kantar. Den siste reinen vart skoten i 1835. Men da hadde ei ny bylgje med interesse for tamrein meldt seg, og nye tamreinflokkar vart utplasserte.

Alt i 1817 hadde Ole Sangesand eller Pilt-Ola kasta fram tanken om å skipa tamreinlag for å nytte fjella i Stavanger Amt. Og med stønad frå Selskapet for Norges Vel drog han til svensk Lappland og kjøpte 150 rein. Flokken førde han forbi Kristiania i 1819, og turen enda i Sirdal.

Ulven fylgde etter, så tiltaket vart ikkje langvarig. I Numedal var det halde tamrein i 1840-åra der dei utnytta mosefjellet mot Hardanger, og på vestsida av fjellet, i Eidfjord, vart det skipa fleire interessentselskap for å utvida tamreinholdet. Dette fekk tildels stønad frå Det Bergenske Landhusholdningsselskap. Og frå Eidfjord spreidde flokkane seg til grannesokna Kvam, Ulvik og Odda, og i 1843 vart det selt ein flokk til Voss. Og i Ål og Hol i Hallingdal trivdest reinen godt i grensefjella mot Sogn.

I Fron fanst det tamrein i Espedalen, der ei Rønnaug Persdotter frå Lom skal ha vore gjetar. I 1845 var det 302 tamrein i Kristians Amt (Oppland), og det må vera denne flokken. I Buskerud var det 256 rein, og i Rendalen hadde dei ein flokk der samar var reinsgjetarar. I Lom prøvde Steinar Sulheim og Anders Andvord seg med ein flokk tamrein i Visdalen. Dei hadde vel tenkt å utnytte den delen av Visdalen som nigard Sulheim meinte dei hadde eigedomsretten til. Etter femårsmeldinga frå amtmannen i Kristians Amt for perioden 1851 til 1855, må det vera i desse åra dei prøvde dette, andre femårsmeldingar fortel ikkje om tamrein i Lom prestgjeld. Tamreinholdet vara ikkje lenge, dei reinane som ikkje rymde og blanda seg med villreinen, dei tok ulven seg av. No har vi att stadnamnet Reinstråe i Visdalen og minnet om gjetaren Reins-Jakop, han som skulle vera så flink til å stå på ski.



Det er fyrst i siste halvdel av førre hundreåret at det blir skipa reinselskap som får til ei drift som varer meir enn nokre år. Ulveplaga var borte og dei mange mislykka forsøka hadde kanskje gjeve lærdom om korleis tamrein skal utnyttast. Det er i dei øvste bygdene i Valdres, Hallingdal og Numedal at mange lag og einskildgrupper skipar selskap med tamreinflokkar dei greier å styre og halda liv i så lenge dei finn det lønsamt.

Mange lag brukte privat grunn til beiteområde, eller ein kombinsjon av ålmenningsfjell og private fjellstrekningar. Soga om samanhengande tamreindrif i Sør-Noreg er ikkje stort eldre enn hundre år. Denne soga fortel likevel om skiftande lag og selskap, sume lag dreiv ei tid og vart oppløyste, andre vart omorganiserte eller skifta eigarar. Tamreinen var likevel komen for godt, fleire tiår før Ottadølane kom med i denne næringa, og fann på å utnytte høgfjellet sitt til reinbeite i tillegg til beitande bufe.

Reinbeitekomiteen som landbruksdepartementet oppnemnde i 1909 kom til at det i 1910 var ca 26600 tamrein i Sør-Noreg fordelt på 17 lag, og desse tamreinlaga disponerte eit beiteareal på omlag 5000 km². Mykje av reinen var innkjøpt i Rørostraktene eller tilgrensande svenske rein-distrikt, seinare kjøpte dei frå tidlegare igangsette reinselskap.



Tamreinen kjem åt Ottadalen

Der er fortalt at eit jaktlag frå Lom fyrst på 1900-talet trefte på rein, og at ein av jegerane fekk skot på eit dyr. Da han nærma seg dyret, ropte han, « Dyret er merkt!». Og da han kom enda nærare:» Det har jamen klåvå au!» Han hadde ikkje berre skote ein tamrein, han hadde drepe eit leidyrt. Og fram mot 1920 var det kanskje fleire som trudde dei skaut villrein i Lomsfjellom, men som fann ut at fleire av dyra var merkte. Fyrste møtet lomværane hadde med tamrein var streifdyr frå tamreinflokkane i Valdres og Sogn. I fellingslistene lensmannen sende inn var det nok ein og annan tamrein med i lista over skotne villrein. Lomværane hadde vel høyrte gjete tamreindrift i Skjåk, men det var så langt vest i Skjåkfjella at fåe eller ingen hadde noko kontakt med desse reinsflokkane.

Det kan ikkje berre ha vore streifdyr som kom vestafra og inn i Lomsfjella. Slik heradstyret ordla seg i 1911 skulle ein tru at det hadde kome flokkar på mange dyr over kommunegrensa. Protokollen fortel at det visstnok var fleire selskap som hadde rein som streifa inn på beite-traktene, gnog snaue seterkveene, sparka opp eller åt opp samansanka reinsmåsa som bøndene hadde tenkt å køyre heim til for. Denne ulovlege beitinga må etter dette ha gått føre seg både om vinteren og utover våren. Det var vanskeleg å finne ut kva for selskap som hadde ansvaret, så heradstyret ba om at lensmannen fekk fullmakt til å skyte tamrein som beitte ulovleg. Same vedtaket tek dei oppatt i 1913, og i 1916 hadde

heradstyret fått melding om hamning av tamrein i Veodalen og dei påla lensmannen å skyte ned noko av denne reinen. Fjeld tamreinlag i Valdres søkte elles om å få leigt eit lite fjellparti i Lom til tamreindrift. Heradstyret ba om å få opplyst kva område søknaden galdt, men ein ser ikkje meir om saka i kommunestyreprotokollen. Skjåk hadde fått besøk av fyrste flokken av tamrein i 1896. Torkjell Finn kom med ca 3000 rein som beitte i vestfjella i Skjåk fram til 1901. Da kom den kongelige resolusjon dat. 18.01. 1901 som la ned forbod mot tamreindrift i Skjåk og han måtte reise frå bygda og til Tafjord. Eit nyskipa tamreinlag i Nordal kommune kjøpte rein frå Torkjell, og dette laget kom litt etter kvart innom Skjåks grensene att, særleg etter at Johannes Partapouli kjøpte halvparten av reinen. Han var medeigar fram til 1913. Han selde til nokre gardbrukarar og heldt fram som gjetar. Skjåk kommune kjøpte heile reinflokken i 1914 og dreiv til Skjåk Tamreinlag vart omgjort til aksjeselskap i 1919 der kommunen åtte 8/15 og




Johannes og Marie Partapouli ca. 1938

hadde 2 styremedlemer. Desse opplysningane fekk reininspektør Kristian Nissen på ei inspeksjonsreise, der det går fram at dei hadde problem med umerkte dyr, og måtte ha departementet si godkjenning for å skyte heiløyringar, sidan dei ved handelen i 1914 berre hadde fått merkt 700 dyr. Flokken vart på slump rekna til omlag 1000 dyr.

Korfor tamrein ?

I 1900 kom det ein kongeleg resolusjon der det vart forbode å drive med tamrein i Lom. Same forbodet vart vedteke for alle grannebygdene i Nord-Gudbrandsdalen. Slike vedtak kom like etter jaktlova frå 1899, og skulle verna villreinområda, ikkje så mykje for å hindre bygdefolket i å skipa tamreinlag, men for å hindre at reinsamane fløtte inn i dei tradisjonelle villrein-



Frå vinterslakting i 80-åra. Tore Mellerud, Magnar Hansen, Nils Repp og Ivar Mork.

områda med reinsflokkane sine. Skjåk hadde fått sin fyrste reinsame i 1896, og styresmaktene ynskte ikkje ei slik utvikling. I 1896 hadde Lom fått fyrste spørsmålet om å gjera delar av Lomsfjella om til tamreinområde. Iver Faukstad på Rostad søkte Indredepartementet om beiterett åt tamrein i ein del av statsålmenninga, og denne søknaden kom til heradstyret til uttale.

Alt i 1908 vende Rasmus Elveseter seg til heradstyret om at kommunen tok opp spørsmålet om å få oppheva den kong. resolusjonen frå 1900. Hadde ikkje ein så ivrig reinsjeger som Rasmus Elveseter noko tru på at villreinstamma i Jotunheimen ville overleva, trass i ei femårs freding like før? Heradstyret hadde ikkje noko i mot at forbodet vart fjerna i 1910 da Skjåk og Vågå søkte om oppheving av forbodet for sine fjellområde. Det kan vera at tamreindriften i Skjåk og i Valdres påverka heradstyremedlemene til å sjå seg om etter andre måtar å utnytte fjellet på, ei utnytting som kunne koma i tillegg til seterdrift og krøterhamn. Da såg dei på tamreindriften som ei betre og meir inntektsgjevande utnytting enn det villreinjakta kunne gje bygdefolket. Og inntektene måtte koma bruksretten til gode.

I 1914 valde heradstyret ei nemnd som skulle koma med framlegg om å utnytte fjellet best mogeleg, særleg med tanke på å få i stand tamreinhald. Til medlemer i nemnda vart valde Rasmus Elveseter, lensmann Sølfest Haugen,

Kristen Kjæstad og Hans Grasdalsmoen. Utgreiinga frå nemnda vart lagt fram i 1915, og dei vart pålagde å ta kontakt med reineigarar om å få leigt eller kjøpt rein og setja opp ei kontrakt som heradstyret kunne godkjenna.

Heradstyret møtte to problem dei måtte få løyst. Dei måtte få bort forbodet mot tamrein, og sende R. Elveseter og Kr.Kjæstad til Kristiania for å møte landbruksministeren. Men landbruksdepartementet sette vilkår ved opphevinga som heradstyret vanskeleg kunne godta. Departementet kravde at det skulle vera ei nøytral sone mot Vågå, der det ikkje skulle beite rein. Dette kravet hadde nok kome frå vagværanane. Og dessutan skulle staten krevja inn ei avgift for beitet, noko som lomværanane reagerte på, da dei som brukarar av fjellet meinte dei leigde bort ein del av bruksretten, og burde dermed ha godtgjersla og. Det er desse to ankepunkta Rasmus Elveseter peika på i 1920 da han møtte reindriftsinspektør Nissen og drøfta tamreindrift med honom. Staten burde hjelpe til med å få teke bort den kongelege resolusjonen utan vilkår, sidan bruksretten til fjellet høyrde bygda til. Han uttala seg elles slik at tanken på eit eige selskap til å stå for drifta ikkje var det kommunen arbeidde med akkurat da. Det enklaste ville vera å få ein reinsame til å leige reinbeite i Lomsfjellet av heradstyret og private. I 1918 hadde heradstyret sett ned ei nemnd til å få i stand ei kontrakt om bortleige av hamn til tamrein, og Martin Jonassen hadde vore i Lom for å sjå på tilhøva, og hadde funne

tilhøva svært gode. Han hadde valt å drive med reinen sin i andre fjellområde, så tamreinsaka låg på is i 1920. Elveseter trudde at villrein var det greiaste for lomværanane no, men det trongst ei fredingstid skulle det bli noko å hente ved å drive reinsjakt.

Igangsett ved kommunestyrevedtak

Fjellova av 1920 skapte eit anna grunnlag for drøftingane om tamrein i Lom. Staten ga ikkje frå seg eigedomsretten til fjellet, men no fekk ein eit kommunevalt styre til å ta vare på bruksrettane, og til å bruke inntektene fjellet ga til beste for tiltak innan bygda.

Den 29.12. 1922 vart det lagt fram for heradstyret eit innspel frå Mathias Hølø i Skjåk. Han hadde vore formann i Skjåk tamreinselskap, og no søkte han om å få leige hamn i Lom til reinhamn, og peikte på Lomsegga som eit brukbart område. Det enda med at fjellstyret og Th. Garmo og O. Th. Fjeld valde av heradstyret skulle tinge med søkjaren om ei avtale. Avtala kom i stand i 1923 og Gjende Rein Co vart det fyrste selskapet som dreiv med rein innan Lomsbygda.

Samtidig med at Gjende Rein Co fekk si beiteavtale, oppmoda fjellstyret Lom heradstyre til å be inn til skiping av eit tamreinselskap med aktiva på minst 50 000 kr. Vedtaket i heradstyret


gjekk ut på: «Da det er ei kjensgjerning at villreinen meir og meir forsvinn frå høgfjellet i Lom, finn heradstyret tida inne til å prøve med tamreindrift. Det blir valt ein komite på 5 medlemmer til å arbeide vidare med saka og prøve å få ho løyst. Heradstyret ynskjer at saka blir lagt fram att før det blir utlagt nokor aksjeteikning.» Ordføraren vart pålagt å sende søknad om oppheving av den kong. resolusjonen.

Den 29. desember 1923 vart nemnda vald, med P.L. Smith, R. Elveseter, Kr. Lund, R.P. Frisvold, T.T. Garmo og Th. Garmo som medlemmer. At dei valde sokneprest Smith inn i nemnda kom vel av at han kom åt Lom frå reindriftskommunen Kautokeino.

Etter eit par vender i heradstyret vart framlegg til lover referert i heradstyret, og godkjende med eit par endringar. Tamreinnemnda fekk fullmakt til å gjera det som trongst for å setja saka ut i livet, og fekk løyve til å søkje juridisk hjelp ved etableringa av eit tamreinlag. Ved ei seinare aksjeutviding ville kommunen ha rett til å overta 25 % av nyteikna aksjar. Og den 5. desember 1925 gjorde heradstyret vedtak om å teikna seg for 50 aksjar i tamreinlaget.



Februar 1923. Dei fyrste dyra til Gjende Rein Co. Frå venstre Mathias Holo med Erling Soglo, Kolbjørn Soglo, Ola Gran, Per Arnestuen og Sigvald Bersu.



Frå tamreinnemnd til generalforsamling

Det er dei same personane som går att når diskusjonen om villrein og tamrein er oppe etter 1910. Og sume av talsmennene for tamrein i heradstyret og i reinnemnda fekk styrefunksjonar i tamreinlaget da det vart etablert. Målsetjinga med tamreinholdet var å utnytte ubrukt fjellbeite, og derigjennom skaffe arbeidsplassar og inntekt åt bygda og åt aksjeeigarane. Fekk dei eit utbytte på 25-30 %, ville tiltaket vera liv laga. Det skulle gå ei tid før siste målsetjinga vart oppfylt.


Reinnemnda må ha teke oppdraget sitt alvorleg. Dei hadde 4 møte i 1924 og like mange i 1925. Og dei søkte hjelp frå reindriftingsinspektør Nissen, og det var han som laga utkast til ny beiteavtale med Mathias Holø i Gjende Rein Co i 1924, da selskapet hans søkte om å få fornya avtala frå 1923. Framlegget om at Lom skulle ha rett til å løyse inn denne reinsflokken kom kanskje frå Nissen. Utkastet til beitekontrakt hadde fjellstyret og eit framtidig tamreinlag nytte av seinare.

Gjende Rein Co var det Mathias Holø og Ola Gran som åtte. Dei kjøpte inn rein i Hattfjelldal og dreiv han fjell-leies sørover i to flokkar til dei fekk han innpå Lomsegga. Dei hadde Ole Nilssen og Lars Fjeldner som gjetarar. Desse to var komne åt Skjåk alt i 1920, for da løyste dei jaktkort på villrein i Skjåk og Ole Nilssen var da overgjetar i Skjåk Tamreinlag.

Truleg brukte dette selskapet Lomsegga, Sygnefjellet og fjellet vestover mot Gjende til beite,

for dei budde på Neto, og leigde seterhuset på Leiksetra til husvære. Dette tamreinselskapet dreiv i 3 år, til Lom tamreinlag kjøpte flokken i 1926, ein flokk på 460 dyr.

Hovudarbeidet åt reinnemnda var å få laga eit utkast til vedtekter for eit aksjeselskap. Etter fleire drøftingar i kommunestyret peikte nemnda på at det trongst ein aksjekapital på 100 000 kr for å kunne kjøpe inn ein reinsflokk på 800 dyr.



Kristen Lund, den fyrste formannen i Lom tamreinlag.

Med ein flokk på berre 500 dyr ville det ikkje kunne reknast med noko utbytte av drifta. Elles var det ynskje om at berre innanbygdsbuande skulle vera aksjeeigarar, og at ingen burde kunne teikna aksjar for meir enn 10 000 kr. Aksjane vart sette til kr 100, heradstyret ville ha ei spreining av aksjane, slik at flest mogleg kunne bli med. Det galdt nok å få med setereigarane, for ikkje å skape for mange beitekonflikter.

Etter å ha søkt hjelp frå overrettssakfører H. Gude Furu, la nemnda fram eit endeleg lovutkast som vart godkjent av heradstyret 22. 08. 1925. Og den 29.10. 1925 heldt dei møte for å få sett i gang aksjeteikning. Utanom at dei her fekk teikna 260 aksjar, vart det innbede til vidare aksjeteikning og innkalla til generalforsamling 9. januar 1926. Da vart selskapet vedteke stifta, lovene godkjende og styre vart valt. Lom tamreinlag var etablert og kunne ta fatt på fyrste arbeidsåret.



Frå tidleg i 30-åra. Willie Brimi, Iver Frisvold og Lars Fjeldner.



Driftsåra fram til krigen

I talen sin ved 10-års jubileet for tamreinlaget i 1936 peikte Chr. Grindvold at tamreindrift i Lom sjølvsagt var svært risikofylt med det fjellterrenget bygda byr på. Ein reinsflokk kan risikere å reise i snøskriu, gå seg utover bratte stup eller koma på avveggar i meir ope terreng. Grindvold meinte at laget hadde vore heldig det fyrste ti-året.

Ved aksjeteikninga var det viktig å få med flest mogleg av dei som hadde bruks- og hamnerett, derfor vart pålydande sett så lågt som kr. 100 pr aksje. For det er lett å skjøne at tamreindrift vil kollidere med interessene åt dei som har bruksrett og hamnerett i fjellet. Dei fyrste 10 åra hadde dei få prosessar innanbygds. Det har vore fleire politimeldingar frå utanbygdsbuande, og streifande dyr har vorte skotne ned, sa Grindvold.

Det fyrste styret i tamreinlaget vart Kristen Lund, P.L. Smith, Per Kvandalsvoll, Per Gaupar og Ola J. Gran. Kristen Lund vart fyrste formannen, med sokneprest Smith som nestformann. Dette styret fekk ei stor arbeidsoppgåve. Rein måtte kjøpast, gjetarar tilsetjast, og aksjekapitalen krevjast inn dersom aksjeteiknarane ikkje hadde ordna dette før generalforsamlinga. Det var teikna 1068 aksjar og med ein pris på kr 100.- så skulle aksjekapitalen ha vore 106800 kr. Etter nokre år måtte styret løyse inn 37 aksjar, fordi ikkje alle ynskte å sitja med dei, eller dei fløtte frå bygda. Men aller fyrst måtte laget

ha ei avtale med fjellstyret om hamning i fjellet. Dette vart ordna i sammøte med fjellstyret den 16. februar i 1926. Fjellstyret hadde røynsle frå avtala med Gjende Rein Co, og det nye selskapet kunne byggje på dette. Og laget fekk med to av gjetarane frå dette selskapet og, Ole Nilssen og Lars Fjeldner. Ole Nilssen tok på seg å vera til over haustslaktinga, og dermed få gjetinga i godt gjenge.

Reinsflokken kjøpte dei inn samtidig. Etter tilbod frå Gjende Rein Co vart dei samde om ein pris på 120 kr pr. dyr. Ved tellinga viste det seg at flokken deira var på 460 dyr, som dei overtok i februar og mai, og dermed hadde dei ein flokk å sende til fjells. Per Kvandalsvoll og Mathias Holø vart sende åt Røros for å tinge om kjøp av meir rein. Endskapan vart at 355 rein vart kjøpt og ført til Lom. Dei tapte 7 dyr på turen frå Røros, og laut skyte 20 rymingsdyr på vegen, ved Lalm, ved Tesse og i Vågå ålmennung. Dei kjøpte 25 dyr frå Nystuen og Fram og, og med 350 kalv skulle dei ha ein flokk på 991 dyr den 1.1. 1927, etter å ha slakta 142 dyr om hausten og 31 om sumaren. Tamreinlaget hadde ein reinsflokk som svara til det som reinnemnda i 1925 hadde sett opp som ynskjeleg i høve til aksjekapitalen.

Gjeting og beiteområde

Sumaren 1926 hadde dei fem gjetarar. I tillegg til Nilssen og Fjeldner fekk dei med Kjelsberg, Ola Krøkje og Torvald Synstnes. Styre og gjetarar overtok rutinene frå Gjende Rein Co. Slaktinga vart utført på Neto, kalving og merking i Leirdalen. Og flokken heldt dei i dei vestlegaste fjellstrekningane, Lomsegga, Sygnefjellet og Gjendetraktene. Hus åt gjetarane måtte

leigast, på Neto, på Ytterdalen og i Memurubu. Laget må skaffe seg egne gjetarbuer der det ikkje fanst hus å få leigt. Og fyrste staden det skulle byggjast var i Leirvassbu. Deretter var det tanken å få eige hus i Memurubu. I 1936 sa Chr. Grindvold at fyrste driftsåra var forsøksår, utan nemnande utbytte åt aksjonærane. Dette var kanskje ikkje kravet for 1926, som var igangsetjingsåret. Dei hadde eit rekneskapsført overskot på kr 2825.21, som ved revisjon seinare vart litt

justert, utan at dette pynta særleg på resultatet. Og nye investeringar i rein og hus venta.

Elias Kveen tok på seg å få opp gjetarbua ved Leirvassbu. Avtala vart at huset skulle stå ferdig den sumaren, men styret overtok bygget fyrst i 1929. Alt den 18. januar 1930 vedtok styret at hytta måtte fløtjast til ei anna tomt, da det var for rått der bua stod. Dessutan skulle dei leggje bølgeblekk på jordtaket. Same året vende styret



Frå venstre: Simen Bjørgen, Lars Fjeldner, Gudbrand Kveen, Guttorm Myren, Kolbjørn Grindvold, Torvald Synstnes, Ola Bakkeberg og Gudbrand Myren.

seg til fjellstyret om å få føre opp gjetarbu ved Krossbu, eller i samarbeid med fjellstyret å bygge om og bygge på kommunehytta som vart bygt der i 1919. Og i same slengen ba dei om at Grønbua vart i standsett. Styret hadde tingingar i gang med fjellstyret om å ta i bruk Heimfjellet og Veodalen til vinterhamn, og dermed hadde dei bruk for Grønbua og. Avtala med fjellstyret vart ordna i 1931 og Gudbrand Kveen hugsa at han og hunden Penn saman med hunden Finn som Ola K. Bakkeberg åtte, var dei fyrste som

for nedover Smådalen i januar 1932. Denne fyrste vinteren i Heimfjellet var Gudbrand mykje einsleg med reinen, fortalde han til Asbjørn Hansen. Overgjetar Lars Fjeldner var vel i veg for å hente ny rein.


I 1933 vart styret samd med fjellstyret om å ruste opp bua i Storådalen, der tamreinlaget kosta ein tredel. I mellomtida leigde dei hus på Neto, og fekk ordna avtaler om hus åt gjetarane med Halvor Hoft i Gjendebu og med Willie

Brimi på Nordseter. Tamreinlaget var i ferd med å ta i bruk alt fjellområde som var tilgjengeleg. Landbruksdepartementet kravde at Veodalen skulle vera fri for rein mellom 1.mai og 31. oktober, men styret ynskte å tinge vidare med fjellstyret om dette, for å få utsett fløtjinga til 1. juni. For i 1932 såg styret Veodalen som beste kalvingsplassen, for Leirdalen var for bratt og ulendt, hadde dei funne ut.

Ole Nilssen ga seg som overgjetar hausten 1926. Han fanst att i Fram Tamreinlag. Lars Fjeldner overtok dette arbeidet, med avtale frå 1928, og kom til å arbeide i Lom tamreinlag si teneste fram til 1940. Vinterstid vart det brukt to eller tre gjetarar og om sumaren to eller tre til. Ola P.Krøkje og Torvald Synstnes vart dei to fyrste lomværane som tok seg arbeid som reingjetarar, seinare kom fleire med. Gjennom dei tjuge fyrste åra fekk Gudbrand Kveen, Gudbrand Myren og Ola K. Bakkeberg lengst røynsle.



Ola Bakkeberg, Lars Fjeldner, Jo Vole og Gudbrand Kveen ved Krossbu i 30-åra.



Ved Moasetra.





Slaktning på Bøverkinnhalsen i 1934. Fyrste rekkje: Norvald Lund, Ragna Lund, Johannes Partapouli, Anne Moen, Gunhild Nørjordet. Andre rekkje: Bjørn Myren, Kristen Storlien, Kristen Runningen, Ola O. Haugen, Per Gauper, Pål Engeli, ukjend. Tredje rekkje: Torvald Synstnes, Ola K. Bakkeberg, Lars Fjeldner, Rolv Skamsdalen, Tosten Kveen, ukjend, Jakop Bakkom, Gudbrand Kveen, Per Bø. Bak med hund: Jo Vole og antakeleg Torbjørn Juvstad (delvis gøymd).

Ny slakteplass

Dei fyrste åra slakta dei på Netosetra. Her hadde Mathias Holø og hans selskap gjort det same, av fleire grunnar truleg. På Neto kunne dei få sett opp provisoriske samletråer, eller bruke dei inn-gjerda seterkveene på Nerstulen (Stusnes eller Nørstnes), her var veg og vatn og her var husvære å få leigt åt slaktarane. Laget kjøpte inn duk til trå, for duken kunne fløtjast mellom Neto og Leirdalen, mellom slaktar-plass og merkings- og tellingsplass. Men laget trong ein fast slakteplass med slaktehall, og det kunne dei ikkje byggje på Neto.

I 1930 ga laget tilskot til Leirdalsvegen på vilkår av at dei fekk køyre utan avgift til ein framtidig slakteplass på Bøverkinnhalsen. Og i årsmeldinga for 1930 peikte styret på at det burde byggjast permanent slaktehall og ny reinstrå på Halsen. Vedtaket om bygging vart gjort i styret 8. juli 1931 og eit bygg på 6 x 13 m med 2 bustadrom stod ferdig. Med omnar kom dette på kr 2000. I åra etterpå vart det utført påbygg og forbetringar, lagt inn vatn og utvida bægarmane, og i 1935 vart det ordna med tomtefeste åt ei matbrakke på hi sida av vegen. Dette vart ei timbra stugu som kom opp i 1936 og kosta vel 2200 kr. Ei reinslaktning trong god plass, og best mogleg reinsemd med så mange folk i arbeid samtidig. I 1933 vart det utført 307 dagsverk ved haustslaktningane.

Laget prøvde å utnytte alt, ikkje berre kjøt, horn og skinn. Feittet vart teke vare på, bein og blod prøvde dei å omsetja. Og dei selde kjøtdeig, og prøvde å få meir utor reinsdyret ved å produsere pølser. Og karar og kvinner sette pris på dagane på slakteplassen, dei bortimot gledde seg til kvar haust dei kunne møtast til hardt arbeid og triveleg samver på den nye slakteplassen.

Fleire år med reinkjøp

Ein vinter i 1930-åra kom det ein flokk med rein ned nordre Lia, opp Råsbakken, drog oppover Grafferjordet og innover Meadalen. Dette var eit sjeldan syn både for vaksne og born, flokken for fort framom, men faret etter dei stod i snøen lenge etterpå. Kanskje visste vi at reinen kom frå Sverike, men det viktigaste var at denne gongen var det høve for oss yngre å sjå levande rein. I Vårdalen høyrde vi elles berre om reinslaktninga på Halsen eller fekk smaka kjøtet om det ein hende gong vart kjøpt kjøt direkte frå slakteplassen.

Året må ha vore 1935, det året tamreinlaget kjøpte mest rein. Etter at styret hadde skaffa laget ein reinsflokk på kring 1000 dyr frå 1926 og utover, vart det kjøpt lite rein dei neste åra. Nokre få reinsdyr handla dei åt seg kvart år, i 1928 164 stk, men med tillegg av kalv og frådrag av slakta, selde eller tapte dyr så heldt flokken seg mellom 1000 og 1200 dyr. Den 31. september 1930 kalla styret inn til

ekstraordinær generalforsamling for å drøfte kjøp av rein. Og grunnen var at den reinen dei hadde heldt på å bli for godt kjent i fjellet, og dermed noko uroleg av seg. At laget kunne få auka flokken noko, var nok eitt av føremåla. Per Gaupar var vald til nestformann i 1930. Da formannen Kristen Lund døydde, overtok Per Gaupar formannstolen, og vart sitjande der fram til 1936, eller i heile den tida tamreinlaget gjorde store reinkjøp i Sverike. Han var fehandlar, og hadde lært å vurdere gode og dårlege tilbod, ein kunnskap han og Per Kvandalsvoll, Chr Grindvold, eller Lars Sulheim drog nytte av når dei tok turar over Røros til Sverike og spurde prisen på rein. Eller dei henta inn tilbod på førehand, slik at dei visste dei kunne få med seg noko heim att. Så tok han med seg gjetarar for å drive flokken fjell-leies, eller hente dyra ut av krøtervognene på Dombås for å føre flokken på tvers av dalane til Lom. I 1936 brukte Lars Fjeldner 55 dagar på turen til Sverike, Gudbrand Myren 35 dagar fram og attende. Kanskje fann dei det best å drive reinsflokk heile vegen det året, for året før hadde laget vorte meldt av Dyrebeskyttelsen for fraktinga av rein frå Sverike.

I 1931 kjøpte dei 302 rein i Sverike og 100 stk i Valdres. I 1933 kom 361 nye rein inn i flokken, i 1934 590, i 1935 1208 og 1936 kjøpte dei 689 nye rein. Fleire år lånte styret pengar hjå private eller i banken for å betale innkjøpa, og laget hadde tillit hjå långevarane. Vart haustslaktninga bra, greidde dei å innfri låna før året var ute,

og kunne få kreditt eller lån til neste innkjøp. Reinflokken auka. Den opphavelge reinflokken vart utskifta ved haustslaktinga, for styret gjorde vedtak om å hamne den nyinnkjøpte reinen for seg sjølv utover sumaren. Laget bygde opp ein ny reinflokk, bygt på svensk rein. Årsmeldinga for 1930 fortel at flokken var telt til 1175 dyr. Åtte år seinare, i 1938, viste tellinga 2009 dyr, men talet skulle ha vore 2019. 10 dyr mangla, men flokken hadde vorte nesten dobbelt så stor.

Størst avgang hadde dei i 1936. Da avliva slaktarane 1386 rein på slaktarplassen, 70 dyr var slakta på rymming, og 15 dyr hadde vendt attende og vart slakta i Sunndalen. I tillegg hadde laget selt 200 rein åt Nils Fuglesteg, og sendt 20 dyr åt Chile.

Jamvel om kjøtprisen var låg så fekk dei fortene av handelen når medelprisen for rein i Sverige låg kring 30 kr dyret. Rimeleg togfrakt

og flinke drivarar berga mesteparten av reinen fram til beiteområda i Lom. Så aksjonærane kunne vera nøgde. Særleg etter at årsmøta godkjende at det vart betalt aksjeutbyte, 5 % i 1927 auka til 10 % i 1934 og 35 % i 1937. Det vart lågare seinare, men ikkje under 10 % før det vart utbyteavgrensing under krigen. Forsøktida var over. Lom tamreinlag hadde synt seg å vera liv laga.



Lom tamreinlag kjøpte rein frå Sverige. Den vart kjørt med jernbane til Kongsvoll på Dovre. Her er reinen teken ned i Brenna i Nordre Lia. Dette var i 1931.

Små og store problem

Chr. Grindvold kom inn i styret i 1933 og vart vald til formann etter Per Gaupar i 1936. I tala si ved 10-årsfesten sa han at det hadde vore få problem innanbygds, men nokre fleire konflikter med grannekommunane. No ynskte vel ikkje formannen å utfordre festlyden med å rekne opp mindre beitekonflikter, og han gløynde i farten at han sjølv i 1928 hadde kravt eige beiteavtale

for Leikseterfjellet, og at Lars Sulheim hadde prøvt å nekte tamreinlaget å hamne ytst i Visdalen i 1930. Og han vedgjekk at tamreindrift lett vil kollidere med beiteinteressene at dei som i hundretals år hadde brukt fjellet at bufeet. Alt i 1927 melde dei fyrste krava seg. Setereigarane på Ytterdalen ville ha erstatning for beiteskadar påført i 1926 og 1927. Prestsetringane melde sine krav i 1928, og seinare fylgde Leiråsen, Hovde og Smådalen. På Raudbergstulen klaga

dei over at streifdyr gjekk omkring i hamninga at seterfeet sumarstid. Styret var ikkje avvisande når slike krav melde seg, og var viljuge til å betala for skadane. Men dei sette eitt vilkår, representantar for laget måtte bli tilkalla for å sjå på skaden, og verkeleg slå fast at reinen var skuldig i påstandane, før styret var viljuge til å ordne opp ved å gje skadebot. Berre sjeldan kom det til forliksklage, og dei færaste krava vart avviste.



Per Gaupar saman med den svenske samene Krist Anderson og hans familie ved innkjøp av rein i 1933.

Rein som beita på grensene mot Vågå eller Valdres kunne skapa problem for laget. Alt i 1929 tok lensmannen i Vågå børsa i bruk og lomsrein som vagverane påstod beitte ulovleg vart skotne. Styret svara med å melde lensmannen til politimeisteren fordi reinen var skoten på omtvista område ved kommunegrensa. Politimeisteren la sjølv sagt bort saka for skuld manglande prov, men styret fekk varsla om at dei ikkje gjekk med på kva som helst.

Etter at Heimfjellet/Veodalen vart teke i bruk til vinterbeite fekk gjetarane eit svare strev med å hindre at reinen fylgde dei opne dalane mot Vågåfjellet og dermed koma på avvegar. I 1934 fekk laget 100 kr i bot for ulovleg hamning, og i 1935 vart tre lomsreinar skotne på Vågåsida av grensa, og av desse var det to køyrereinar som Knut Vole åtte. Dei fekk ei ny bot på kr 200 i 1936, så formannen hadde rett i at tilhøvet til grannekommunen ikkje var det aller beste. Styret og gjetarane hadde eit

gjetingsproblem ved Vågågrensa som kom til å vara til lenge etter krigen.

Lomsreinen og tamrein frå Valdres kunne lett bli blanda. Tyin Tamreinselskap melde lomværane for å ha slakta av deira rein i 1928, men denne saka vart lagt bort. I 1929 og 1930 skreiv styret brev åt Tyinselskapet og ba dei hente reinen sin i Lom, elles ville han bli rekna for hittegoods. Styret i Lom tamreinlag gjekk så langt at dei ba om å få kontrollere skinna som Tyin selde åt Rieber & Co for å sjå om lomsrein hadde vorte slakta i Valdres. Det var uråd å gå over til eit anna beiteområde og hente att eigen rein, så det enda opp med at valdresrein vart kjøpt og gjekk inn i reinsflokken, og til slutt kom dei 1937 fram til ei gjensidig avtale om prisar på dyr frå andre lag som måtte finnast i den eine eller andre tamreinflokken. Slik deling var høvelegast ved slaktning, og kunne ordnast ved at reinen vart kjøpt og slakta av laget som dreiv reinen inn. Skulle det haldast særskilt samling for å skilje ut framand rein, skulle eigarlaget betale 10 kr for kvart dyr som vart henta, og halvparten av kalven åt dei utskilde simlene. Ulike avtaler vart gjort både med Valdres Tamreinlag, Kvame og Opdals Renskompani og med Jotunheimen Tamreinselskap. Tilhøvet til grannane i vest var ordna.







Overgang til andelslag

Laget var organisert som eit aksjeselskap. Laget skatta derfor etter skattereglar som medførde at sjølve selskapet betalde skatt før dei kunne tenkje på å dele ut utbytte åt eigarane, dei som sat med aksjane. Alt i årsmeldinga for 1928 seier styret frå at «bygdens skattemyndigheter» prøver å leggje hindringa i vegen for tamreinlaget. Styret hadde fått greie på at ei juridisk utgreiing om selskapskatten som likningsnemnda hadde fått innhenta, tala til føremon for laget sit syn på skattespørsmålet. Likningsnemnda tok likevel ikkje omsyn til utgreiinga, hevda dei, og samla kommune- og statsskatt kom på 5332 kr, der styret meinte at laget etter avlagt rekneskap skulle betale 612 kr. No vart den samla skatten seinare nedsett til kr 2972. Laget hadde vunne noko, men berre førebels.

I 1937 var skatten 3755 kr, men det gode driftsresultatet dette året gjorde at årsmeldinga for 1938 seier at skattane hadde stige fenomenalt frå førre året. Det same klagar styret over i 1939. Skattane var «kolossale». I 1941 har laget ein skatt på 26000 kr, alt samla. Styret sa i frå i meldinga til generalforsamlinga at skulle dette halda fram, var dei redde at interessene mellom dei drivande krefter innan selskapet ville bli minskande, til uboteleg skade for heile samfunnet.

Så kom skattetala for 1942 på bordet og da heiter det i årsmeldinga: «Skattene har steget voldsomt i de sidste år, er i år kommet op i det svimlende beløp på kr 43 000.» Kunne ikkje ei

ordning finnast, var det eit stort spørsmål om ikkje selskapet burde oppløysast. Styret brukte sterke ord i meldingane sine, kanskje fordi ordføraren eller ein annan frå kommunen møtte for dei 50 aksjane Lom kommune hadde kjøpt, og dermed håpa dei at klagemåla dei hadde på likninga skulle føra til endringar til det betre.

På årsmøtet i 1942 tok ikkje styret opp spørsmålet om å leggje ned laget. Heller ikkje kom det framlegg om å endre selskapsforma heller. Men saka var nok under arbeid, for i eit styremøte 28. desember 1942 møtte advokat Trampe Kindt. Han hadde fått i oppdrag å laga eit utkast til lover for eit andelslag. Etter noko drøfting og med nokre endringar gjorde styret vedtak om å godkjenne lovene, og leggje dei fram i komande årsmøte som eiga sak.

Og på generalforsamlinga 27.04.1943 kom saka opp som sak nr 7. Her og møtte advokat Trampe Kindt for å gje opplysningar om kva ei slik endring gjekk ut på. Røystinga gjekk føre seg etter oppteljing av aksjar. Det vart levert 701 røyster, og alle som hadde møtt fram røysta for framlegget frå styret. Røystetalet fylte kravet om at to tredelar av aksjekapitalen skulle vera representert, slik aksjelova lydde. Generalforsamlinga hadde vedteke andelslag. Det sitjande styret vart valt til avviklingstyre for aksjeselskapet. Samtidig fungerte avviklingsstyret som styre fram til andelslaget formelt var organisert, og kunne velja sit eige styre. Ny generalforsamling



valde styre i andelslaget, og den formelle overføringa kunne ordnast ved ei kontrakt den 30.08.1943. Hus og rein vart sett til 104895.80 og det betalde det nye laget ved å skrive ut nye andelsbrev for 106800 kr. Mellomlaget vart attendebetalt, og avviklingstyret lånte tamreinlaget kr 5000 til driftsmidlar.

Frå og med september 1943 heiter laget Lom tamreinlag A/L, og har ikkje endra seg på annan måte enn at likninga heretter må skattleggje kvar andelseigar, laget vart gjennom denne operasjonen kvitt skattekrava i sitt rekneskap.



Krig og etterkrigstid

Fyrste møteboka åt andelslaget for perioden 1943 til 1953 har det ikkje lykkast å finne att. Heller ikkje rekneskapsprotokollane for same perioden. Dermed sit ein att med sume spørsmål ein ikkje heilt ut veit svara på. Reinflokken var på 2367 dyr fyrst på året 1943. Årsmeldinga for 1948 fortel at flokken da var rekna til 2050 dyr. Kva som var hendt på fem år kan ein berre gjeta seg til. Heller ikkje veit ein noko om utbetaling av utbytte, nybygg eller vedlikehald av hus og tråer, styresamansetjinga er ukjend og skifte av kasserar har ein berre høyrte gjete. Ein kan vel gå ut i frå, slik det er nemnt tidlegare, at laget endra seg ikkje ved overgang frå aksjeselskap til andelslag. Dei arbeidsmåtane laget hadde funne fram til før 1940 var like gode i 1940-åra. Dei problema som styret møtte var noko av dei same som laget kjende frå tidlegare år. Gjennom dei fyrste driftsåra hadde tamreinlaget skaffa seg mottakarar av det kjøtet dei måtte få selt, skinna dei baud fram og horn og bellingar som vart tekne ved kvar slakting. Eit slikt kontaktnett var naudsynt skulle dei samle og avlive rein, ikkje berre ala opp kalven og halda dyra på beite. Kvar haust trongst det ein flokk slaktarar, flinke folk som kunne ta vare på alt, frå den finaste steika til revematen som og ga litt inntekt. Styret måtte ta seg av alt dette, saman med kasseraren. Frå 1. januar 1927 vart Kristen L. Runningen tilsett som kasserar, ikkje berre til å føre bøkene, men å stå for direktesalet på slakteplassen, betale alle rekningar og krevja inn pengane for det laget selde innanbygds og utanbygds.

Kasseraren måtte av den grunn få den beste kontakta med forretningsfolka laget hadde som varemottakarar, han og formannen stod for forretningsdrifta.

For laget fekk etterkvart stor omsetnad. Driftsåret 1928 hadde laget kr 26025 i inntekter med eit overskot på kr 6972 som ga 6408 kr eller 6 % utbytte. I 1948, tjuve år seinare var dei tilsvarende tala kr 85 998, overskotet 24877 kr og styret gjorde framlegg om 20 % utbytte.

Om laget skifte formann av og til, så gjekk dette nesten på omgang mellom styremedlemene, så ingen var ukjent med arbeidsoppgåver og drifts-rutiner året i gjennom. Christian Grindvold var fyrste formannen etter at laget skifta namn, og han og Gudbrand Myren, Hans Graffer og Kristen Nørstnes skreiv under for andelslaget på kontrakta med avviklingsstyret for aksjeselskapet. I 1946 var visst Gudbrand Myren formann. Om styret vart utskifta i 1945, har ein ikkje dokumentasjon om, men det er ting som tyder på det. No deltok ikkje laget korkje på den eine eller andre sida under krigen kanskje, men sume ville nok ha hatt innvendingar mot ei løyving åt Den Norske Legion i 1941. Mot ei røyst, Halvard Ofigsbø, gjorde styret det året framlegg om å løyve kr 200 til denne avdelinga som skulle gå i krigen på tysk side. Generalforsamlinga som vart halde 25. april 1942 godkjende vedtaket med 399 røyster mot 200. Dessutan vart løyvinga auka etter eit benkeframlegg til

kr 1000. For dette framlegget røysta 296 og i mot 111 røyster. Ein kan truleg gå ut i frå at slike framlegg ikkje vart lagt fram etter 1943.

I 1940 kom det melding om utbyteavgrensing. Det vart ikkje gjeve løyve til å dele ut meir enn 8 % utbytte i åra etterpå. Styret gjorde ein vri. Sidan dei hadde nokså stor kontantbeholdning som ga lita rente, betalde dei ut kr 20 på kvar aksje, da dei meinte det var stort behov for pengar blant aksjonærane. Dermed fekk dei 20 % i utbytte i eit år med avgrensa utbytteutbetalingar.


I 1944 tok styret opp eit spørsmål som hadde vore framme fleire gonger tidlegare. Laget sat på 37 aksjar som ikkje hadde vorte innløyste, eller som styret hadde overteke av andre grunnar. No kom det eit tilbod mynta særleg på setereigarar

som ikkje hadde andelar frå før. Ingen fekk kjøpe meir enn to andelar. Dei 37 andelane vart selde, og laget hadde same talet på andelar som i 1926: 1068 andelar og ein andelskapital på 106800 kr.

Etter at Kristen L. Runningen ga seg som kasserar, overtok Halvor H. Slålien. Han hadde arbeidet til 1. juli 1948. Erling Lyngved vart tilsett etter honom. Han hadde rekneskapa for 1948 og 1949. Da han fløtte frå bygda, overtok Ola M. Øyjordet kasserararbeidet.

No finst det rekneskapssamandrag frå 1948 og framover, men dei er berre underskrivne av forretningsføraren, og styret har heller ikkje skrivne under årsmeldingane. Berre for 1948 er styresamansetjinga nemnt i meldinga.

Laget hadde store kjøtleveransar til Oslo. Alt i 1931 kunne styret fortelja at dei hadde kome fram til ei avtale med Norges Statsbaner om at dei fekk hengje på ei vogn på hurtigtoget frå Otta. Dermed kunne dei få lema dyra, pakka kjøtet i kasser, køyre desse åt Otta og på toget, slik at kjøtet kunne vera i Oslo dagen etter at det var slakta. Svært sjeldan kom det klager på leveransane. Elles handla dei med så å seia heile landet. Bellingar selde dei heilt til Nord-Noreg, dersom kvaliteten var den beste. Jamvel om det vart rasjonering på mest alt, så var det det offentlege forsyningsstellet som tok seg av slikt, laget leverte varene sine til faste mottakarar. Det einaste var at forsyningsnemnda kunne blande seg borti direkte sal av sider og nakke på slakteplassen. I 1942 fekk laget selja sider og nakkar av alle dyra dei slakta til innanbygdsbuande, etter reglar frå



Ved Moasætra. Amund Mo, Gudbrand Myren, Christian Grinvold og Torgeir Holø.



Ved Leirvassbu i 1944. Mellom andre Ragnar Runningshaugen, Torbjørn Brenna, Paulus Holtan, Kåre Wentzel, Knut Bjørgen og Simen Bjørgen.

den lokale forsyningsnemnda, heitte det i løyvet frå Forsyningdepartementet. Nemnda gløynde det truleg.

Tamreinlaget hadde fått seg gjetarar som var kjende med rein og kjende i fjellet. Etter at Lars Fjeldner sa frå seg overgjetarstillinga i 1939, overtok Gudbrand Myren. I 1942 kom Paulus Holtan åt Lom. Han fylgde reinsflokken som Per Gaupar hadde hjulpet vagværanane å kjøpe inn frå Fosen, men valde å arbeide i Lom Tamreinlag. Etter ei tid ser det ut til at han vart overgjetar og han var den fyrste som tok på seg gjetinga for ein fast sum, såkalla kontraktgjeting. Og gjetarane hadde sine vanskar. Grensa mot Vågåfjellet var like open, og fleire gonger fekk laget mulkt for å ha hatt reinen gåande på gale side av grensa. Etter at Vågå Tamreinlag vart stifta i 1942, rekna styret med at det skulle bli eit samarbeid og ei avtale laga i mellom, slik Lom hadde fått til med lag i Valdres, men det kom til å gå lang tid før ei slik avtale kunne få ned talet på bøter for ulovleg hamning. I 1937 tok styret opp tanken om skotpremie på jerv, og var viljug til å yte 100 kr om heradstyret løyvde sin part og administrerte ordninga. I 1940 kom det til ei avtale med Skjåk Tamreinlag om at båe lag skulle betala 100 kr kvar for kvar jerv som vart skoten i Lom og Skjåk.

Ved årskiftet 1940/41 kom det rykte om at det var kome ulv inn i Lomsfjellet. Og gjetarane fekk fort sjå at dette var tilfelle. Simen Bjørgen

fortel at han og Gudbrand Myren låg på Nåvårsetra og hadde reinsflokken inne ved Sylva. Dei hadde sett far etter ulven, men det såg ut til at han held seg i skogområdet på hi sida av Tesse om natta. Denne morgonen i februar tok dei ut tidleg, og gjekk oppover, til Simen såg noko på ein snøskavl. Det var ikkje rein, det såg dei ved å bruke kikkerten, og ikkje var det hund heller. Det var ulven. Han rusla litt omkring ein halv-times tid, tok så ned mot Tesse. Dei to gjetarane slepte seg ned til kanten av Tesse og venta. Han kom nærare, men ikkje nær nok. Gudbrand Myren hadde stilt børsa på 300 m, og brende laus. Skotet måtte ha gått litt over ryggen på ulven, han bråbremsa ved å setja klørne i isen, bråsnudde og kom seg unna.

Fjellstyret og tamreinlaget møttest for å drøfte ulvesaka. Ordførar Aukrust hadde lova å løyve 100 kr frå kommunen for opptil 3 dyr som vart felt i Lom, på vilkår av at fjellstyret løyvde det dobbelte. Styret i tamreinlaget og fjellstyret vart samde om å betale 200 kr kvar i skotpremie. Dessutan vart ordføraren oppmoda om å få lånt ut gevær og ammunisjon til folk som ville prøve å jakte på ulv. Etter opptak frå fylket var laget i 1942 viljug til å betale 500 kr for kvar ulv som vart skoten i Oppland. Etter eit par år vart ulven borte. Han skal ha vorte skoten ein stad på Vestlandet. Det vart rekna med at laget miste

mellom 100 og 200 rein under dette ulvbesøket.

Om ikkje ulven tok så mykje rein, så spreidde han flokkane. Styret og gjetarane hadde grenseproblem mot Valdres og. Dei prøvde med ei hytte på Storeggen, for å få nytta Sygnefjellet betre, men det enda med at dei måtte henta att 267 rein i Valdres. Og det kom krav om hamneleige for Gravafjellet, noko dei fyrst avviste, men gjekk med på seinare.



Kalvemerking i 1944. Mellom andre Ragnar Runningshaugen, Torbjørn Ringebo, Paulus Holtan, Guttorm Husom, Ragnvald Husom og Lars Ekre.



På reinkjøp i Mo i Rana. Ola Nilssen, sonen hans og Peter Harshiem, Dei tyske soldatane kontrollerte.

Tamreinlaget hadde eit direkte tap krigsvåren 1940. Fly hadde skræmt reinen i Visdalen, så det strauk med eller dei måtte naudslakte 117 dyr. Dei fekk selt heile dyr for kr 0.60 pr. kg og reve-mat for ein kilopris på kr 0.25. Dette var den fyrste store ulykka som råka laget. Tidlegare hadde gjetarane meldt om at rein hadde gått med i ras eller fare utover bergehamrar, men dette kom sjeldan opp i tosisfra tal. Alt før krigen fekk styret melding om tjuvslakting av rein. I 1937

gjorde dei vedtak om å betale 200 kr åt den som kunne koma med opplysningar som førde til at kjøttjuvar vart pågripne. Fekk dei vita om kven som hadde forsynt seg av flokken, prøvde dei å få skyttaren til å betale. Under krigen vart dette prøvt som fyrste løysing, for å melde nokon til politiet for å ha skote rein, kunne vera farleg for den som på denne måten viste fram at han hadde gevær utan å ha lov til det.

I desember 1940 var formannen og nestformannen på Nåvårseter for å finne ein høveleg plass for ei reins-trå. Dei hadde funne ut at det kunne vera ein føremon å ha ei trå i andre enden av bygda og, til jelking, teljing, og av og til, til slakting. I 1941 vart det vedteke å setja opp eit trå ved Sylva. Her var det nok vanskeleg å velja beste plassen. I 1948 seier årsmeldinga at styret vil fløtja tråa for andre gong. Det året hadde dei prøvt å få inn sky og halvill rein, men mislykkast.



Bøverkinnhalsen 1943. Christian Grindvold, Paulus Holtan, Torbjørn Ringebo og Knut Bjørgen.

Året etter prøvde styret og gjetarane tiltak for at flokken skulle bli lettare å halda styr på. Dette året hadde dei seks slaktingar. Slakting på Nåvårseter var kostbar men naudsynt, skulle dei greie å reinske ut noko av den halvville reinen. Tråa her vart sett opp på tredje plassen, utan at dei fullt ut nådde målsetjinga, å få samla og slakta all reinen dei hadde vanskar med å styre. Gjetarane fekk fullmakt til å skyte all sky rein dei kom over, så ved årsskiftet 1949/50 meinte styret at gjetarane kunne handtera flokken betre enn åra før. I 1948 vart det sett opp og istandsett ei gjetarhytte i Sålell. Neste bygget måtte koma ved tråa på Nåvårseter. Ei hytte her ville spare laget for utgifter til husleige, og spare gjetarar og slaktarar for mykje gonge mellom husvære og arbeidsplass.



Dei vanskelege femtiåra

Dette ti-året fekk laget større investeringar enn det var rekna med. Dei vart aldri tilfredse med tråa ved Sylva i slutten av 1940-åra, og noko måtte gjerast. I 1950 kom dei til at det måtte opp ei hytte på Nåvårseter, både til bruk for gjetarane og for slaktarane dei gongene styre og gjetarar fann å måtte slakte frå tråa ved Sylva. Året etter kjøpte dei eit seterhus frå Einarsvollsetra og fekk fløtt det opp på det som seinare kom til å heite Nåvårhaugen. Kostnadene kom på i kring 6.500 kr. Skulle bruken av tråa ved Sylva fungere slik dei ynskte det, så laut dei finne ein stad der både sky og havvill rein vart med flokken inn til merking, jelking eller aller helst slakting. Derfor hadde styret eit møte ved Sylva i juli 1954 saman med Paulus Holtan for å finne den endelege plasseringa av tråa, ei plassering som tilfredsstilte all slag bruk. Her avgjorde dei at rette plassen måtte vera ved osen på Sylvetjønn, på sørsida av tjønna.


Her kom det opp ny trå same året, og i 1957 vart den gamle tråa rive og materialane brukte til å utvide bægarmane på nytråa. Samtidig vart det bygt veg frå Smørlivegen og opp til Sylvetjønn, noko som kosta kring 6000 kr. Største utgifta fekk laget på Bøverkinnhalsen. Her kravde vegstellet i 1949 at slaktarhallen skulle fløtjast, fordi han stod i vegen for ei vegomlegging som stod for tur til å gjennomførast. Styret rekna med at Lom kommune skulle kosta noko av flyttinga, i alle høve ein tredel, hevda dei. Det enda opp med at tamreinlaget kosta heile fløttinga, som



Arthur Holtan (1954).

kom på kring 1954. Kommunen såg det vel slik at Lom Tamreinlag hadde økonomi til å bera utgiftene med flytting og nybygg på Halsen. Og det hadde nok laget, jamvel om det formelt sett var kommunen si plikt å dekkje kostnader med veggrunn og husflytting ved denne vegomlegginga. Etter at mykje av den sky og halvville reinen hadde vorte reinska ut i 1949, greidde gjetarane å styre flokken, slik at merking og slakting kunne gjerast slik styret og gjetarane planla det, og drifta bar seg. Rekneskapsutdraga viser at dei fyrste fem åra på femtitalet ga så gode overskot at utbytet til andelseigarane kunne halda seg mellom 24% og 70 %, høgst i 1954. Så fylgde eit par år med dårlegare resultat. Det kom tre år med 0 % i utbytte og året 1955 ga eit rekneskap med kr 47154 kr i underskot. Laget hadde mist 150 dyr i eit ras i Leirdalen. Ved flytting av reinflokket frå Lomseggen vart reinen drive om Høydalen over Halsen. Flokken vart drive utover Leirdalen for natta, og noko rein hadde trekt oppover bakkane i Sletthamn. Her


Arthur Holtan
tek fast
«Sagkrakken»
på Bøverkin-
halsen i 1951.



var det islagt i fjellside, noko som førde til at dei dyra som gjekk øvst kanta og drog med seg dyr som beitte nedafor. Det vart funne om lag 150 i helslegne dyr ved teljinga, årsmeldinga rekna med at laget miste fleire. Det var for det meste simler som hadde gått med, og dyra vart så sundslegene at kjøtet kunne ikkje nyttast.

I tillegg var kjøtmarknaden dårleg, så styret vedtok å slakte minst mogleg. Og det går ikkje fram av møteboka om slaktepolitikken frå 1948 og 1949 heldt fram, det vil seia systematisk utreinsking av eldre rein som var vanskeleg å halde styr på. Det som hende eit par år seinare tyder på at noko av flokken kom seg unna tråinga og gjekk for seg sjølv. Større og mindre flokkar vart sett i seterområda i Vågå, noko som førde til fleire bøter for ulovleg beite. I 1954 kom tamreinlaga i Vågå og Lom fram til ei avtale om å rydde ut eit flokk av vågårein og lomsrein som heldt til i Leirungsdalen. Reinen var så sky at han var uråd å drive.

Lars Jonsen, Arthur Holtan, Sylfest Storlien, Jon Storlien og Gudmund Brekka på bilen til Torkild Bakkeberg i Visdalen i 1957. «Sagkrakken» var og med på lasset.



Det er mogeleg at gjetarane såg at det etterkvart vart vanskelegare å vera ansvarleg for reinsflokkene. Etter at Paulus Holtan slutta i 1954, vart det fleire om gjetingskontrakta dei neste to åra, men for året 1954 ville dei faste gjetarane helst gå over til månadsløn og med den tidlegare ordninga med overgjetar. Sverre Holtan, Sylfest og Jon Storlien og Gjermund Flaten tok likevel på seg å vera kontraktørar etter den gamle avtala. Fleire av desse kunne ikkje lova å halda fram heile 1955. Gjetinga vart avertert i fleire aviser. Det vart halde ope for ei avtale med den faste gjetarstaben, men ikkje nokon av desse søkte, og ein ny og lite lokalkjend mann vart tilsett, og avtala med daverande gjetarane vart oppsagt frå 15. april 1955. Den nye kontraktøren leigde vel med seg dei fleste av dei lokalkjende karane.

Denne tilsetjinga synt seg å vera eit stort mistak. Alt 22. juli måtte styret møtast for å drøfte gjetinga. Protokollen fortel at reinen var spreidd over alle vidder. Det hadde ikkje vorte jelka og



Vårflytting
i 1962.
Karl Fuglesteg,
Christian Vole,
Ivar Mork, Tore
Skamsdalen
og Torstein
Bjørgen.

kalven var ikkje merkt, og styret hadde kome til at overgjetaren ikkje kunne samarbeida eller leia folka han hadde med seg. Styrevedtaket gjekk ut på at formannen skulle søkje juridisk hjelp for å sjå om det var nokon utveg til å seia opp overgjetaren. Dette vart gjort og Jonas Danielsen, Sylfest Storlien og Gjermund Flaten heldt fram som gjetarar på månadsløn, og med hjelp frå tre innleigde karar prøvde dei å rette opp att noko av det som hadde vorte gjort av feil fyrst på sumaren. Mellom desse var Gudmund Brekka som saman med Sylfest Storlien kom til å arbeide lenge i Vågå Tamreinlag.

Årsmeldinga for 1955 fortel at det vart merkt 735 kalv og jelka 100 bukk. Hausten og vinteren 1955/56 påsto styret at flokken var rimeleg bra å handtere. Og dei flokkane som var inne på tråa var vel det. Men heilt fullkome kunne det ikkje ha vore. For årsmeldinga for 1956 fortel noko heilt anna. Gjetarane hadde ikkje greitt å samle reinsflokkene og få drive han fram til

Bøverkinnhalsen, korkje til jelking, merking eller slakting. Det var berre mindre flokkar inne både på Halsen og ved Sylvetjønn. Dei hadde inne ein flokk på om lag 1200 dyr ved haustslaktinga på Halsen, men av desse fann dei å slakte berre 167 dyr.

Det var nok for mange eldre dyr som var for kjende i fjellet til å la seg jaga dei vande rutene fram til slakteplassen. Gjetarane bad om slakting på Nåvårsetra, men vart ikkje høyrd. Det var verre med transporten frå ein slakteplass ved Sylva, det hadde laget opplevt sist i førtiåra, da dei slakta dyra vart køyrde ned i Garmo, men kjøtet for ille fordi dei ikkje fekk teke hand om det fort nok. Heller ikkje kunne styret tenkje seg å få sett opp ei trå på Veoknappen. Tråa ville ligge i Vågå, og var førebels ikkje aktuell, jamvel om styret kunne tenkje seg ei skiljetrå i samarbeid med Vågå Tamreinlag.

Dei driftsplanane som styret hadde tenkt gjennomført for dette året kunne ikkje gjennomførast, korkje med jelking, merking eller slakting. Styret hadde i 1957 tenkt seg å skilje ut simlene til ny beiteplass i Leikseterfjellet, finne ny kalvingsplass, setja opp gjerde ved Langranden og i Nufshaugløyfta for betre å bruke Sygnefjellet til sumararbeite. Og sidan dei ikkje var heilt nøgde med siste kontrakta, averterte dei i Nord-Noreg og i aviser i Sør-Trøndelag etter overgjetar, og lyste ut arbeidet med månadsløn. Styret ga opp ordninga med kontraktgjeting. Styret var på leit-

ing etter betre styring både av laget og reinen, og det måtte til. Året 1956 hadde gjeve eit under-skot på 17975, og laget måtte låne kr 50 000 i banken til driftskapital.

Årsmeldinga for 1957 fortel at styret heller ikkje dette året var nøgd med drifta. Dei sette rein-flokken til 3295 dyr, utan å ha nokor teljing å byggje på. Kalvmerkinga hadde gått bra, for dei hadde merkt 1400 kalv, noko som kunne fortelja nokonlunde kor stor simleflokken var. Gjetar-lønene hadde auka med bortimot 48 % og slakt-inga kosta 70 % meir enn i 1954, jamvel om det vart slakta 445 dyr i 1957 mot 654 i 3 år før. Overskotet var berre 3756 kr, og laget kunne for tredje året på rad melde at det ikkje vart utbytte åt andelseigarane. Styret sa opp overgjetaren og i januar 1958 tilsette dei Karl Fuglesteg som overgjetar.

Snuoperasjonen

Årsmeldinga for året 1957 opna med at styret peika på at reinen hadde vorte verre og verre å styre. Skulle det ikkje ende i katastrofe, måtte det til ei radikal endring av gjetinga. Saman med lokalkjende gjetarar tok Karl Fuglesteg fatt på ei vanskeleg oppgåve.

Karl Fuglesteg fortel: reinflokken var stor og ustyrleg. Da han og gjetarane han fekk med seg tok til å leite opp reinsflokkane ut på etterjuls-vinteren, verka det som om det var fullt opp av

rein frå Hindflyen til Nautgarden. Så fort det vart beite, tok dei til med nattgjeting i Heimfjellet, ei tid var opp til 10 mann i arbeid. Dei prøvde å halde reinen samla, og hadde fyrste merkinga ved Sylvetjønn, og på vegen til sumar-beitet var det og merking på Halsen. Den reinen dei da hadde med seg fløtte dei åt Lomseggen. Resten gjekk att utan at dei hadde tid til dagleg tilsyn. Etter 3 veker på Lomseggen valde laget å ta til med slaktinga den 20. august. Det vart sett ei trå ved Mefjellselva, slakta der og dei slakta dyra vart køyrde åt Halsen for flåing og vidare handtering. Dei rekna med at flokken vart utsett for færre uhell ved å samle reinen på Sygnefjellet. Etter 2 inndringar på Halsen, der dei miste berre 2-3 dyr, vart flokken drive åt Memurutraktene, men der fann dei ikkje fleire rein. Gjetarane jaga vidare mot Tjønnolet. Lokalkjende gjetarar som Sylfest Storlien gjekk oppe i fjellsidene på leit etter rein, og her fann dei ein stor flokk. Flokken vart driven inn i Nautgarden og tok med seg rein mot Nobben, og ned åt Heimfjellet. Gjetarane fann mykje rein kring Kvitingskjølen, og dreiv all reinen dei hadde samla mot Eilevstjønn.

Formannen, Simen Bjørgen, vart varsla, og etter ei veker tid kunne dei ta reinsflokkene inn ved Sylvetjønn. Her var det to reinstråer, og det vart slakta i ymse trå. Det har aldri vore inne så mange rein samtidig før. Kjøtet vart køyrt ned åt vegen og opphengt der. Ved denne slaktinga minka flokken med 300 dyr.

Kristen
Brennhaug
og Christian
Vole i
Illåskardet i
1959.



Så kom haldet, og flokken vart innteke i ei provisorisk trå i Sålell. Deretter gjekk vegen åt Sylvetjønn, men her fekk dei ikkje inn all reinen. Dei eldre simlene var for kjende til å la seg lure inn i ei trå her. Etter løyve frå Vågå fjellstyre fekk dei setja opp ei trå ved Veoknappen og ta inn reinen ein gong. Her var inntaket bra, men det var eit stykke til slakteplassen, så Harald Brimi og traktorane hans måtte ta seg av fraktinga. Verre var det at laget ikkje fekk leigt husvære åt slaktarane på setrane i Vågå, så dei måtte køyrast på lastebil opp og ned frå bygda kvar dag. Her vart det og slakta eit to-tre hundre rein.

Ved haust- og vinterslaktinga var det simler som vart slakta. Karl Fuglesteg seier at dei mange slaktingane, den siste ved Såleggen føre jul, fekk plukka ut mange av dei eldre simlene, dei som var mest stadeigne og kjende i fjellet. Det vart slakta mange gamle simler, enkelte var så gamle at dei var tannlause. Årsmeldinga fortel at reinen var «tråa» (inne i trå) 12 gonger i 1958. Det vart

Tore Skamsdalen og Pål Stokstad kjører ved til Solhellslytta.



merkt 1700 kalv og slakta 2200 dyr, noko meir enn tilveksten.

Driftsinntektene dette året kom opp i kr 472 260, og trass i at utgiftene til gjeting og slakting var store, fekk laget eit overskot på 238 024. Dei kunne betala gjelda og enda ha økonomi til å betale ut 100 % i utbytte åt eigarane.


Årsmeldinga for året 1957 peikte på at dei ved å jelke 195 bukk hadde fått om lag 300 gjelk. Dermed meinte dei at reinsflokken burde vera lettare å styre. Utreinskinga av eldre simler verka betre, meinte gjetarane, og tamreinlaget kunne gå inn i 1960-åra med ein meir styrbar reinsflokk. Det stod berre att å betale bøter for den ustyrlege reinen som dei av og til fann att i Vågåfjellet. Laget hadde framleis ein stor reinsflokk. Kor stor visste ikkje styret, i 1959 vart talet sett til 2795. Dei prøvde å telja flokken både i 1958 og 1959, men fekk ikkje fullført arbeidet. Redusering av flokken ville og seia å

slakte meir simler av eldre årgang. I 1961 får årsmøtet vita at alle vaksne simler var slakta ut av flokken og at all sky og dårleg dressert rein som gjekk på Heimfjellet var utplukka ved slaktingane. Dette året slakta laget 1700 dyr. I 1964 meinte dei at dei ikkje hadde eldre simler enn 4 år.

Gjetarane heldt fram med nattgjeting nokre veker kvart år og det vart prøvt å halde reinen meir i dei vestlege fjellområda, både for å hindre at nye reingrupper vart stadeigne og for å halda reinen borte frå Vågåfjellet. Dårlig ver gjorde det vanskeleg å fylgje gjetepleanane. I 1960 må ein seia veret gjorde laget eit leitt pek. Etter å ha samla flokken til merking ved Sylvetjønn var planen å drive reinen vestover. Skodde og regn hindra dette, for lite menneskap og mykje sopp gjorde at gjetarane ikkje fekk med seg all reinen dei hadde hatt inne på tråa. Og nettopp medan rettsaka om ulovleg beiting i Vågå hadde synfaring på Hindflya, hadde nokre rein teke vegen over grensa til Vågå og beitte akkurat i det området saka galdt.

Eigarane kunne hente ut 60 % utbytte i 1959 og 100 % i 1960. Deretter fylgde fire år med dårlegare resultat. Visstnok betalde laget ut 30 % utbytte i 1963, men noko av desse pengane tok dei frå driftsfondet. Det var ikkje berre dårleg ver eller uhell som var årsaka til at styret enkelte år måtte leggje fram rekneskap med underskot. Styret fann grunn til å kjøpe reinsflokk

Selet på Murane i Sogn da flokken frå Vest-Jotunheimen vart kjøpt i 1961. Torstein Bjørgen, Tore Skamsdalen, Ivar Mork, Karl Fuglesteg, Christian Vole og Jakob Øien.



Vest-Jotunheimen ville kvitte seg med. Det kunne vera ein risiko for at denne reinen ville ende opp som villrein, og laget ynskte ikkje å få noko slikt i ein grannekommune. Da styret la fram saka i årsmeldinga for 1960, meinte dei at kjøpet skulle gje utbytte i tillegg til at det ville vera ein føremon å få nytt blod inn i flokken.

Denne reinsflokken skaffa mykje bry og mykje arbeid. I 1961 vart det prøvt å få drive i hop både flokkane, og dei kom så langt som til Sygnefjellet og Leirdalen, men mykje av sognereinen rømde attende vestover att før slaktinga. Same året miste dei 90 rein i ulykker på Sygnefjellet. Året etter fekk dei slakta noko av reinen i Luster, og i 1963 vart reindriften i Luster avslutta. Noko rein vart slakta og ungdyra vart jaga inn i lomsflokken. Kring 100 dyr vart attgåande. Nokre av grunneigarane nekta folk å gå inn i området for å hente ut meir rein. Dei rekna nok med å få ei villreinstamme av desse dyra i staden.

Rettsaka som Vågå fjellstyre reiste mot tamreinlaget for ulovleg beiting kom til å kosta mange pengar. Og laget måtte ta eit tak for å få eit betre slakteanlegg på Halsen. Etter at Lov om kjøttkontroll vart sett i kraft frå 1959, skulle reinkjøtt kontrollerast på same måte som husdyrkjøtt og reinslakteria måtte ha godkjenning frå Landbruksdepartementet. Noko utbetring var gjort tidlegare i samråd med veterinær, men no kravde departementet eit betre anlegg. Laget måtte snarast få forbetra slakteplassen for å få eit anlegg som kunne bli godkjent og gje dei inn-drivingstilskot og fraktilskot som ein kunne hente frå det offentlege. Laget kunne i lengda ikkje leva med dispensasjon frå departementet. Forbetringane og utvidingane vart kostnadsrekna til 15000 kr og var ferdige til bukkeslaktinga i 1967. Slakteanlegget vart godkjent og kjøtet kunne få beste godkjenningsstempel (femkantstempel).

Likevel var nye tider på veg inn. Den faste staben av slaktarar var kome noko opp i åra, og laget mangla yngre folk til å ta over. I 1970 måtte det hentast flårarar frå Hed-Opp på Otta. Og i 1960-åra hadde tanken om villrein i fjellområda i Ottadalen vorte kasta fram att og Lom Tamreinlag hadde fått eit grenseproblem med ein annan grannekommune.



Beite og grenser

Etter at Vågå Tamreinlag vart starta i 1942, vart det ei pause i politisakene om ulovleg beiting. Reinsflokkane hadde lett for å blande seg, særleg kom vågåreinen ofte vestover. Gjetarane i Lom meinte at at reinen søkte mot Fosenhalvøya han kom frå, derfor fanst mykje av flokken att i Lom, og Vågå slakta noko av reinen sin saman med Lom.

Når lomsreinen etterkvart vart verre å halda styr på, vart laget på ny meldt til lensmannen både i 53, 55 og 56. Den fyrste saka vart lagt bort, og på den siste, som galdt skade på seterkve, svara styret at dei ikkje hadde høve til å sjå på skaden, sidan meldinga kom så seint på hausten.

Så kom det vanskelege året 1957. Vågå fjellstyre og 25 setereigarar melde Lom Tamreinlag for beiting av heile flokken sin på Hindflyen i februar det året. Tamreinlaget nekta ikkje for at rein frå Lom hadde vore over grensa, for etter som gjetarane fortalde, hadde dei i strevet med å fløtja reinen vestover åt Lomseggen drive flokken over Vågågrunn mot Gjende for derifrå å få flokken til å gå vidare mot sumarbeitet. Flokken reiste frå dei att ved Russvatnet. Etterpå fann dei att mesteparten i Veodalen, men ein flokk fanst att i Vågå. Dette var grunnlaget for politisaka som lensmannen i Vågå tok seg av.

Fjellstyret i Vågå kravde kr 20 000 som betaling for beiteskadene som dei meinte hadde vorte gjort gjennom ein stor del av vinteren. Krava frå



setereigarane kom opp i snau kr 42 000. Styret var ikkje viljuge til å betale så mykje, og jamvel om Vågå fjellstyre sette kravet sitt ned til kr 15000, så fann dei det rettast å la saka gå til retten. Det var greitt at reinen hadde vore over grensa, men dei kunne ikkje skjønna at skadane verkeleg var så store.

Ved heradsretten la beitekonsulentane fram konklusjonar som gjekk ut på at skadane, etter det dei hadde funne, ikkje var så store. Likevel vart Lom Tamreinlag dømt til å betala bota på kr 20 000, medan setereigarane vart tildømte vel kr 12000. Retten fann at Lom Tamreinlag frå 1956 og utover hadde hatt ein for stor reinsflokk som gjetarane styrde dårleg, og dermed ikkje kunne hindre denne ulovlege beitinga.

Styret vedtok å betale bota åt dei private setereigarane, men anka resten av domen åt lagmannsretten. Reindriftskonsulent Peder Hagen vart oppnemnd til å vurdere beiteskadene. Da

han melde frå åt formannen i Lom tamreinlag om tida for synfaringa, klaga prosessfullmektig Heggje, som representerte Lom, på at Lom vart varsla så seint som dagen før partane skulle møte på Fuglseter. Da så Simen Bjørgen kom dit om morgonen, fann han ut at synfaringa der hadde gått føre seg om ettermiddagen dagen før. Og han fekk ikkje plass i bilen da dei skulle vidare til andre beiteområde. Berre eine parten var med på denne synsfaringa.

Etter at Peder Hagen hadde lagt fram sine vurderingar, og styret for Lom tamreinlag og advokaten deira fann at det dei to opphavelige beiteekspertane Graffer og Haugen la fram ikkje kunne vega opp konklusjonane frå Hagen, så valde dei å dra anken til lagmannsretten attende. Retten måtte dømme i tvisten om sakskostnadene, der Lom måtte ut med kr 7000. I rekneskapsamandraget for 1962 er rettssaka ført med kr 42 458.75, så denne turen, eller turane, lomsreinen hadde teke innover Hindflyen kosta laget mellom 50 og 60 000 kr.



Villrein eller tamrein?

I mellomkrigstida fann dei ivrigaste reinjegarane seg i at fjellet vart overteke av tamreinflokkar, og at fjellturen etter rein var historie. I 1950-åra var fjella i Ottadalen brukte av fleire tamreinlag. Etter at Skjåk, Lesja og Grytten gjekk saman i Trio Tamreinlag A/L i 1954, hadde Vågå, Lom og Trio hand om mesteparten av fjellbeita i Ottadalen og nærliggjande område. Elleve lag i Sør-Noreg kom saman og skipa Landslaget for Tamrein i 1957 for å stå sterkare i arbeidet for betre vilkår for tamreindrifta, og mange av dei som møtte på stiftingsmøtet såg nok på si verksemd som ein varig aktivitet i fjellområda i sentrale delar av høgfjellet. Landslaget hadde ikkje sett seg mål at Noreg skulle gjera som grannelanda og gå over til berre tamreindrif, men sume av dei fremste talsmennene for tamrein kunne nok tenkje seg ei slik utvikling.

Tanken om villrein og villreinsjakt var likevel ikkje skrinlagt. Kring Hardangervidda hadde det vore mykje tamrein, men i slutten av femti-åra hadde villreinen teke over.

På årsmøtet i Lom i 1963 oppmoda kontrollnemnda om at laget burde drøfta oppløysing. Det er i protokollen ikkje gjeve grunngeving for dette framlegget, men det kan tenkjast at problema i femti-åra, den tapte saka om ulovleg beiting i Vågå, og strevet laget fekk etter kjøpet av Vest-Jotunheimreinen kunne vera bakgrunn for at nemnda tykte at det var rette tida å ta ei slik drøfting. Det går heller ikkje fram om kontroll-

nemnda meinte at laget burde leggje ned tamreindrifta, kanskje var tanken meir å styrkje interessa åt andelseigarane for drifta i åra framover. Dei to åra før hadde ikkje gjeve overskot nok til å betale ut utbytte, og ikkje alle var fullt ut nøgde med utviklinga. Lars Sulheim gjekk noko lenger, han ba om ei drøfting av vilkåra for å gå over til villrein i Lom. Framlegget vart avvist mot 2 røyster.

Og innan Trio Tamreinlag sit område var det fleire som ynskte seg attende til villreinstida, og tala ivrig for å nytte fjella på gamlemåten. Særleg i Lesja var det aktive talsmenn for å gå attende til villrein. Dei såg på reinjakt som spanande sport, og med betre økonomi og lengre ferietid, kunne mange tenkje seg å bruke noko av fritida si til å gå på reinsjakt. Aktive friluftsansjonar prøvde å påvirke både lokale og sentrale styresmakter til å få villreinen inn att i Nord-Gudbrandsdalen. Høvet ga seg da drifta i Trio tamreinlag synte så dårleg resultat at tanken om oppløysing vart drøfta. Det dårlege resultatet kom av vanskelege fjellområde og noko mangelfull gjeting. Styret hadde ikkje greitt å få endane til å møtast. I 1962 vart det sett ned eit utval som tilrådde at Trio skulle oppløysast og drifta leggjast ned.

Dette kunne gjerast på fleire måtar. Heile eller delar av flokken kunne seljast åt andre lag, laget kunne prøve å slakte ut reinen sin, spørsmålet var berre kva som ga eigarane beste resultatet.

Som ein del av aviklinga fekk Lom Tamreinlag i 1964 tilbod om å kjøpe ungrein og kalv. Styret leverte eit bod på denne delen av Trioflokken, men bodet vart ikkje godteke. Da hadde diskusjonen om avviklinga av Trio A/L teke andre vegar.

I 1962 hadde Trio gjeve eit tilbod til viltkontoret om å kjøpe reinsflokken som eit grunnlag for ei villreinstamme i bygdene Skjåk, Lesja og Grytten. Å få villrein i ein grannekommune var Lom tamreinlag svært mykje i mot. Grensa mot Skjåk er ikkje så vanskeleg å passe på som grensa mot Vågå, men bygdene deler Lomsegga mellom seg og vandring av rein over bygda-grensa hende av og til, slik at Lom og Trio måtte ha avtaler om utskiljing av framand rein i baa flokkar. Vart laget i Skjåk nedlagt, var det ingen å gjera avtaler med, og problema ville melde seg med ein gong. Dessutan var nok styret redd at overgangen til villrein i Skjåk kunne ha ein smitteeffekt. Og det hadde dei vel grunn til. For i fylgje Mølmen: Ottadalsreinen (1991) gjorde tingingsutvalet som representerte villreinsplanane i høve til styresmaktene eit vedtak om å vende seg til Lom Tamreinlag for å finne ut korleis dette laget såg på ei avvikling på same måte som A/L Trio.

Saman med Vågå og Fram prøvde Lom tamreinlag å motarbeide tankane om ei villreinstamme i Ottadalen ved å sende protestar til Landbruksdepartementet, der dei trudde dei skulle få den

hjelpa dei trong for å forhindre ei slik utvikling. Villreininteressene var dyktigare til å arbeide for si sak, og vann fram. Det enda med at avviklingsstyret i Trio fekk selt 500 rein til ei framtidig villreinstamme for 100 000 kr. For Lom ville det seia at den delen av bygda som ligg nordanfor Ottaelva, Liafjellet og Finndalen, vart ein del av Ottadalen villreinområde, utan at det hadde noko særleg å seia for tamreindrifta. Denne delen av bygda har heile tida vore halde utanfor når Lomsbygda drøfta beiteareal for tamreinen.

Etter at villreinen og reinsjakta hadde kome så nær innpå bygda, var det sume som meinte at Lom burde gjera som Skjåk og Lesja, og få villreinen attende til høg fjella våre. Fjelloppsynsmannen i Lom våga i 1977 å målbera slike tankar i ei av Lillehammeravisene. Han avviste ikkje tanken om villrein før saka var grundig vurdert og ein fann ut kva som tente bygda best. Styret, som kjende seg i forsvarsposisjon fordi Luster frå fyrst i 70-åra arbeidde for å få i gang villreinjakt, vende seg til fjellstyret og klaga, særleg på tankane om vurdering av grensene mellom tamrein og villrein der spørsmålet om bruken av Lomsegga var nemnt. Utsegna kom samtidig med oppstyret om slaktinga av 98 heiløyringar laget hadde henta nettopp på Lomseggen.

At det var fleire som bar på slike tankar, viser ei underskriftsliste som vart sendt til Lom fjellstyre da beiteavtala skulle fornyast i 1983. Fjellstyret

varsla i avisene at det skulle tingast med tamreinlaget om dette, og ba dei som hadde merknader til saka melde seg til fjellstyret. 136 lomværar skreiv under på lista der dei gjekk inn for villrein og nedlegging av tamreinlaget. Dei hevda at føremonane var store, villreinen ville gje ei pårekna inntekt på 400 000 kr etter det villreintilhengarane hadde rekna ut.

Fjellstyret tok ikkje opp spørsmålet om innføring av villrein, og etter ei tid med usemje om reglane for habilitet som vart brukte i fjellstyremøta, kom partane fram til ei fornying av beiteavtala som baa partane kunne leva med. Avtala med tamreinlaget om hamneleige var framme samtidig i fjellstyret i Vågå. Dei gjekk heller ikkje inn for villrein, men kom med framlegg om at kommunen skulle overta styringa av tamreinlaget i Vågå. Argumentet var at «inntekta av reinsdrifta skulle koma heile bygda til gode». Framlegget fall i Vågå kommunestyre. Dei to rettssakene laget måtte føre i 1970-åra hadde og med konflikta mellom villrein og tamrein å gjera.



Sygnefjellet, eit konfliktområde?

Sidan reinen held til i dei vestlege fjellområde sumarstid, var det naturleg at området opp mot Sygnefjellet vart brukt, både til beite og ved fløtjing av flokken fram og attende. Frå fyrst av kunne Leirdalen brukast som fløtjingsveg til og frå Gjende, men vinterstid kunne det lett hende at dyr gjekk tapt og om sumaren kunne trafikken til Leirvassbu gjera det vanskeleg å halda reinen samla og få flokkane fram dit gjetarane ynskte det. Laget kom meir og meir til at det greiaste var å kr [redacted] og dermed måtte dei fara

gjennom Luster for å koma over på Lom sin del av Sygnefjellet. Dette måtte avtalast med fjellstyret i Luster. For å ha betre styring sette dei opp eit mellombels gjerde, ei ordning som seinare vart godkjent av fjellstyret i Luster på vilkår at det vart fjerna straks tamreinflakken hadde passert.

Sumarhamna på Sygnefjellet vart noko uroa av vegbygginga før krigen, og i 1958 var styret uroleg for at damanlegget i Gravdalen kunne ta bort



det tilvande reinsråket gjetarane brukte ved kryssing av dalen. Fjella i Luster hadde vore bortleigde og brukte av ymse tamreinlag etter at villreinen vart borte. I 1912 leigde Jotunheim Reinselskap fjellet mellom Tyin i aust og Sognefjorden i vest. I 1951 vart Vest-Jotunheim Tamreinlag stifta og laget brukte halvøya mellom Årdal og Luster til hamn. Dermed vart kommune- og fylkesgrensa også beitegrense mellom tamreinlaga Lom og Vest- Jotunheim. I august 1955 fekk dei melding om at Vest-Jotunheim hadde sett opp trå ved Mefjellselva, og da styret meinte dette var omtvista område, og Lom hadde reinen sin gåande nær ved, vart fjellstyreformannen i Lom varsla.

Da Vest-Jotunheim Tamreinlag planla å avikle i 1960, melde styret i Lom tamreinlag si interesse for kjøp av denne reinsflokk. Kjøp av rein er bokført med kr 90 000 dette året, og i tillegg til denne sumen laut laget ut med hamneleige for tre år framover, eller så lenge som laget meinte dei trong for å fløtja eller slakte ut denne reinsflokk. Føremålet var greitt, det galdt å hindre at denne reinen vart villrein og dermed kunne vera grunnlag for framtidige konflikter mellom villrein og tamrein. Det er tidlegare nemnt at omlag 100 rein vart att, dels fordi dei ikkje fekk lov til å drive innan dette området lenger, og fordi uhell og dårleg ver hindra gjetarane i å få med seg flokken åt Lom. Det kan tenkjast at det var lustringar som gledde seg over å få eit slikt tilskott til å byggje opp ei ny villreinstamme. På

denne sida av fjellet var det fleire som helst ville attende til villreintida. Så tidleg som i 1929 fekk Lom Tamreinlag melding om at lomsrein var skoten på Guridalsseter, utan at ein veit om vedkomande trudde han var på reinsjakt eller om han dreiv tjuvslakting.

I 1966 fekk laget brev frå Nils Sørheim om reinen som gjekk att i Luster. Den reinen dei hadde observert var anten villrein eller Lomsrein, og han peikte på at dersom tamreinlaget meinte det var lomsrein som gjekk att der, burde dei betale hamneleige. I protokollen står det at laget såg seg ikkje råd med få gjort noko med reinen i Vest- Jotunheimen fordi dei var nekta å samle reinen av fleire grunneigarar. Året etterpå har styret fått melding om jakt i Sogn, og gjer da vedtak om å krevja ei betaling på 250 kr for kvart dyr som var merkte med Lom eller Vest-Jotunheim Tamreinlag sit øyremærke. Vedtaket var nok fyrst og fremst eit forsøk på å hevde eigarskap over ein reinflokk laget ikkje kunne ta hand om, og ein motreaksjon mot villreinjakt i ein grannekommune.

I 1968 vart villreinjakta på sørsida av Lustrafjorden utsett av Direktoratet i Trondheim « på grunn av Lom Tamreinlags interesser». Same året vart laget meldt for ulovleg beiting på Sygnefjellet. Og i 1972 sende Vågå og Lom brev til Direktoratet der dei ba om at utdeling av jaktkort i Luster Ålmenning burde utsetjast til det kunne påvisast at det var ei villreinstamme der.

I mellomtida hadde fjellstyret i Luster kravt Lom Tamreinlag for 30 000 kr som hamneleige for 30 dyr i 3 år og 20 000 kr for tap av beite. Ein kan ikkje sjå bort i frå at dette høge pengekravet var eit forsøk på få grannekommunen til å gå med på at Luster hadde villrein dei kunne drive jakt på. Året før hadde det vorte ein samanstyrt på Sygnefjellet som førde til rettsak.

To rettsaker

Den 21. august 1971 fekk laget melding om at ein 20-25 reinsbukkar gjekk att ved Steindalsnosi vestafor Fanaråki, ein flokk som hadde vorte att ved samlinga før haustslaktinga. Sidan Luster fjellstyre hadde avertert villreinjakt frå 25. august, reiste gjetarane Odd Krøkje, Nils Repp, Einar Rusten og Christian Vole over kommunegrensa for å hente att flokken før jakta tok til. Da dei kom fram, fann dei reinsjegarar frå Sogn som låg der og heldt auga med flokken, og det var klårt at karane, som hadde skaffa seg løyve til å jakte på rein i Lusterfjella, rekna denne bukkeflokk som «villrein» dei kunne jakte på. Dei venta berre på at fyrste jakt dagen skulle koma. Da gjetarane ville gå vidare for å samle lomsreinen og ta han med seg, vart dei nekta dette. Det vart skote over hovudet på dei om dei prøvde å utføre oppdraget sitt. Den 23. august kom fjelloppsynsmann Vassdokken i kontakt med jegarane, men korkje jegarane eller jaktoppsynet ville la gjetarane hente reinen, for slikt

driving kunne føre til at villrein kom med tamreinen over til Lom, og kunne dermed ikkje jaktast på. Morgonen 25. august var lomsreinen fredlaus og dyra vart skotne. Jegarane vart melde til politiet med krav om erstatning til Lom Tamreinlag og at dei som drap tamrein på beite skulle bøteleggjast. Vågå tamreinlag var og saksøkjjar, for ein av dei skotne reinane hørde til i Vågå.

Rettsaka i 1974 er fyldig attgjeve i Mølmen:



Ottadalsreinen (1991), og ho enda med jegarane vart dømde til å betale skadebot til tamreinlaget. Domen var ikkje i samsvar med krava frå saksøkjaren, men laget hadde fått slege fast at det er ulovleg å skyte tamrein, jamvel om reinen er utanfor eige beiteområde. Villreininteressene hevdar at domen og slår fast at eit tamreinlag ikkje har lov til å la reinen sin beite i utanforliggjande hamnestrekningar, men det var vel noko ein visste frå før. At villreinjakta i Luster var eit problem for tamreinlaget fortel ei melding styret

fekk same hausten som «reinskrigen på Steindalsnosi». Den 25.10. 1971 vart det meldt om slaktning av 4 simler i Gravdalen.

I 1975 var det eit møte med statskonsulent Villmo og kontorsjef Pavel frå Direktoratet før ei synfaring på Sygnefjellet. Etter synfaringa, der både departement, direktorat og andre partar med interesser i konflikta mellom villrein og tamrein var tilstades, gjorde tamreinlaget og Utladalen Sameige og Luster fjellstyre ei avtale om drifteveggar innan Luster (Gravdalen og Storutladalen) både om vinteren og i juli og august. Sumardringa skulle vera gjort før 18. august og baa drivingar skulle varslast 8 dagar på førehand. Baa partar hadde meldeplikt om strørein, og skader og ulemper skulle avgjerast etter lova frå 1933. Lom tamreinlag hadde ikkje høve til å hente strørein under reinsjakta og 3 veker føreåt, og Luster fjellstyre plikta å melde frå åt jegarane om at det kunne vera tamrein i ålmenninga.

Avtala verkar streng, særleg reglane om varsling og at Luster fjellstyre og Utladalen sameige skulle vera til stades ved driving av flokken og ved henting av strørein. Tamreinlaget skulle betale godtgjersle åt 2 mann ved ein slik inspeksjon. Om dette var to mann tilsaman eller to mann frå kvar part, seier ikkje avtala klårt frå om. Problema med driving av heile flokken frå Gjendeområdet til Sygnefjellet og vidare til Halsen har vel vore ei av årsakene til at slakte-

anlegget her har vorte mindre brukt dei siste tifemten åra.

Ved å vera med på denne avtala godtok nok laget at det kan vera villrein på Luster sin del av dette fjellområdet, men ikkje i sterkt aukande tal. For i 1979 protesterte styret på at det skulle sleppast villrein i Lusterfjella. Landbruksdepartementet hadde same synet, for det vart i eit brev til Miljødepartementet åtvare mot å auka villrein-stamma i eit område med konflikt mellom tamrein og villrein.

Lom tamreinlag har brukt beita på Lomsegga frå fyrste stund. Etterkvart kom det i stand avtale med brukarane av Lomseggen sameige, så laget rekna med dette området i beiteplanen sin. Av og til kunne vertilhøva gjera bruken av beita her vanskeleg, og gjetarane hadde vanskar med få med seg all reinen attende mot Høydalen og Sygnefjellet når dei skulle fløtja flokken.

I 1970-åra hadde det vorte attgåande ein del rein etter ei slik fløtjing, og desse reinane vart gåande ein 5-6 år, utan at tilhøva var slike at dei kunne hentast inn att i flokken. Denne flokken skapte problem for utnyttinga av dette beiteområdet på grensa til villreinområdet i Skjåk. Vinteren 1976/77 valde styret å setja mykje inn på å få henta inn og slakta ut desse attgangarane. Med ekstrahjelp greidde dei å få flokken til Bøverkinnhalsen og 21. januar 1977 vart 104 rein slakta, og flokken på Lomseggen var fjerna. Det

synte seg at det var 98 heiløyningar i denne flokken. Ingen var i tvil om at dette var lomsrein som ikkje hadde vore inne til merking, men denne slaktinga vekte mykje oppstyr med avis-skriving og sterke reaksjonar frå villreininteressene. Reindrifslovene, både lova frå 1933 og den nye lova frå 1977 sa klårt frå at heiløyningar i ein tamreinsflokk er statseigedom ved slakting, og Staten reiste sak med krav om innbetaling av slakteverdien av desse heiløyringane. Saka vart pådømt i 1980 og enda med at tam-

reinlaget vart dømt til å betale inn til Staten kr 5534.30, utan å bli idømt sakskostnader. Det opphavelige kravet frå Staten var på 90 000 kr, eit krav som seinare vart redusert til 70 000 kr. Fleirtalet i heradsretten godkjende eit krav frå Lom tamreinlag om frådrag på vel 64 000 kr som utgifter laget hadde hatt med å drive reinen frå Lomseggen og til transport og slakting. Både villreinfoiket, som hevda at Lom hadde slakta villrein, og tamreinlaget hadde tapt noko av saka, men [redacted] fri for heiløyningar



og kunne halda fram med å vera eit av beita laget kunne utnytte i samarbeid med Lomseggen sameige.






Nye hjelpemiddel og nye driftsformer

I november 1970 laut laget ha hjelp ved slaktinga frå Hed-Opp på Otta for fyrste gong. Og same året var det to gjetarar som ynskte å kjøpe snøskuter, og spurde styret om tamreinlaget ville forskottera kjøpesummen på 9480 kr. Både desse sakene innleier endringar både for gjetarane og laget og tamreinlaget hadde teke steget inn i ei periode som etterkvart kom til å modernisere drifta slik at pionerane frå mellomkrigstida ville ha gjort store augo om dei fekk sjå korleis ein driv me [redacted] åra.

Frå midt på 1950-talet vart kjøtet selt åt slakteriet på Otta. Og i 1964 nemner styret at dei hadde teke opp spørsmålet om levering av levande rein til Otta, slik det var gjort i Finnmark. Vågå tamreinlag hadde drøfta same saka, men laga visste for lite om denne forma for slakting til å gjera eit slikt omskifte enno.

I 1960-åra vart bygdeslaktaren utbytt med slakteriarbeidaren, og færre og færre slakta dyra sine heime. Dette gjorde at dei som møtte opp ved



Hed-Opp slaktar ved Rundhø i 70 åra.

slakteplassen kvart år og hjelpte laget med å stelle reinskjøtet til ei framifrå salsvare, den faste arbeidsgjengen, minka, og dei som framleis møtte vart eldre for kvart år. Styret kunne fornye slakteanlegget på Halsen, men dei merka nedgang i talet på dei faste slaktarane. Det hjelpte ikkje at styret i årsmeldinga for 1969 oppmoda yngre folk til å gå inn i arbeidsstokken på 10-12 mann som laget trong for å kunne gjennomføre ei haust- eller vinterslakting. I 1970 melde styret at dette året måtte dei hente flåarar frå Otta og i 1971 vart slaktinga sett bort åt Hed-Opp på Otta på tilbod.

Året etter bygde Vågå og Lom ei fellestrå ved Rundhø der kostnadene kom på vel kr 4000 på kvart lag. Her fekk dei hjelp frå Hed-Opp på Otta til å få sett opp slakteanlegg som statskonsulenten for reindrift sa seg nøgd med. Her hadde dei vinterslakting i slutten av november og simlene vart køyrde levande til Otta. Samarbeidet med Hed-Opp utover 1970-åra vart så årvisst at tamreinlaget i 1983 drøfta medlemskap i slakerisamvirket.

Slakteplassen på Bøverkinnhalsen vart ikkje så ofte brukt lenger, men laget hadde ikkje funne beste løysingane korkje for kalvmerking eller slakteplass. Våren 1977 vart det vedteke å setja opp ei trå til kalvmerking ved Gråvåhø. Likeeins skulle styret sjå seg om etter ein ny slakteplass ved Grønhø. Ei trå her ville liggje nærare bygda enn Rundhø med stuttare veg til fjells vinterstid.

Det synt seg likevel at fjellvegane fram til tråa ved Grønhø var vanskelege å halda opne ved slaktingane i november og desember. I juni 1982 var styret på synfaring i Smørli, Nordseter og i Sålell. Gjetarane var og representerte og Simen Bjørgen var beden om å vera med. To område merkte seg ut, ved Havørju og i Sålell. Valet fall på Sålell, dersom laget fekk i stand ei avtale med vegstyret for Meadalsvegen og med dei som hadde beiterett i området. Tråa var og meint brukt til samletrå ved andre inntak. Slike avtaler kom i stand, men Lom fjellstyre gjekk i mot planen for trå i Sålell og klaga vedtaket inn til Gudbrandsdal Skogforvaltning.

Det enda med at skogforvaltaren i 1983 ga melding om at tråa i Sålell skulle rivast. Styret gjekk inn for å ha tråa ståande på same staden, alternativt utsetja rivinga til etter vinterslaktinga og få til ei ny synfaring for å finne ein annan plass i Sålell for denne tråa. Den 9. desember 1984 vart det valt ei nemnd til å drøfte feltslakterianlegg, anten mobilt eller med fast plassering og kostnadene med eit slikt anlegg. Nemnda skulle vurdere eventuelt samarbeid med andre lag. Jo Aukrust, Magnar Mundhjøld og Torstein Bjørgen frå kontrollnemnda vart valde inn i nemnda. At laget helst såg anlegget i Sålell ordna fortel saksoverskrifta i sak 25 b/85, for her er saka kalla Slakteanlegg i Sålell, og nemnda vart beden om å skunde på arbeidet med dette anlegget. Nemnda hadde drøftingar med representantar frå vegstyret i Meadalsvegen, og ende-

leg avtale kunne setjast opp seinare, ut i frå dei synspunkt som hadde kome fram. Bruken av vegen vart sett til 20 andelar i Meadalsvegen. Etter dette gjekk utvalet inn for å plassera anlegget på Krokasanden 900 m frå brua over Sålellselva. Framlegget gjekk ut på å byggje veg frå brua og at, om det var mogleg, tråa vart prøvt same hausten før ein gjekk så langt som å byggje slaktehus. Tråa i Sålell står på nordsida av Sålellselva og er brukt ved vinterslaktinga.

Nemnda hadde hatt synfaring på Bøverkinnhalsen saman med fylkesveterinæren og ein representant frå den interkommunale næringsmiddelkontrollen. Fylkesveterinæren sin rapport viste at ei opprusting av slakteanlegget her ikkje var dyrare enn at nemnda også gjekk inn for at anlegget på Halsen vart sett i stand med tanke på framtidig vinterslakting. Planen vart ikkje sett ut i livet.

Alt to dagar seinare var det styremøte for å velja tilbod på byggjing av vegstykket i Sålell, så fort plassering og byggeplanar vart godkjende.

I 1987 gjorde styret vedtak om å yte 10 000 kr til veganlegget Sålell- Foss. Ein kan difor gå ut i frå at avtala med Meadalsvegen er godkjend, utan at ein har funne dette protokollert, og at anlegget i Sålell er fullført, for i årsmeldinga for 1990 fortel styret at det hadde vore slakting i Sålell. Laget hadde fått eit anlegg som er lettare tilgjengeleg vinterstid enn anlegget i munningen av Veodalen.

Dette ville ikkje seia at tråa ved Grønhø kunne leggjast ned. Røynslene frå 1986 hadde synt at hovudslaktinga godt kunne haldast i september. Derfor møttest styret og gjetarane 14. mars 1987, og på møtet var det semje om å byggje eit permanent slakteanlegg ved Grønhø. Byggjenemnda skulle leggje situasjonsplan, teikningar og tilbudsutgreiing fram for styret innan utgangen av mai. Og 1. juni kunne styre og nemnd møtast for å drøfte vidare gjennomføring av planane. Gjetarane og styret hadde kome fram til at Grønhø var beste plassen for haustslaktinga. Da gjerda ved Grønhø var svært dårlege, vedtok styret å byggje beitehagen same sumaren, og arbeide vidare med resten av planane slik at eit feltslakteanlegg kunne fullførast i 1988. Kostnadene var rekna til 651 000 kr.

Tanken bak desse investeringane var at laget helst ser at reinen blir slakta på samleplatsen, utan å bli køyrt med bil til Otta, noko mange hevdar er stressande for reinen. Utplukkinga ved slakteplatsen er og endra, det blir ikkje lenger brukt lasso ved utveljinga av slaktedy, noko som oftast førde til mykje uro for flokken i tråa. No er samletråene bygde slik at det kan sleppast mindre puljer av rein fram til slakteplatsen, og dermed blir det rolegare for reinen i hovudtråa. Og sidan mesteparten av reinen blir slakta i august/september, er målsetjinga om slakting ved samletråa nær på gjennomført og.

Og driving av rein har og vorte endra noko. I 1976 hadde styret høyrte om bruk av helikopter ved slakting og henting av rein. Dette kunne nettopp da ha vore av interesse for henting av rein på Lomseggen. Her vart ikkje noko slikt teke i bruk. Under årsmøtet i 1981 vart det nemnt det hadde vorte brukt fly ved tellinga året før og reinen vart innteke med bruk av helikopter. Tamreinlaga i Vågå og Lom ville søkje om dispensasjon for bruk av helikopter ved inndrivninga til haustslaktinga. Fordi det er tronge tidskjema gjetarar og styre har til å få reinen på plass når Hed-Opp ynskjer å setja i gang slaktinga, så har det frå fyrst i åtti-åra vore brukt slik drivingsmåte 1-2 timar kvart år.

Vinterstid har gjetarane teke i bruk snøskoterer og kjem lettare fram til reinsflokken og kan drive flokken utan så mykje kroppsleg slit som i tidlegare tider. Og dei mange bilvegane inn i fjellet som er bygde etter krigen, er til stor hjelp sumarstid om gjetarane skal vitja reinflokkar eit stykke unna. Tamreinlaget har forstått verdien av å ha gjetarar som nyttar slike framkomstmiddel, og har gått med på avtaler om godtgjersle og køyretilskott både sumar- og vinterstid.



Ny flokkstruktur

Reindriftskolen på Borkenes vitja laget 1. mars 1975. I eit sammøte med styret og skulen peikte leiaren, John Norfjell, på at etter hans syn var det dårleg økonomi å ha bukk på 3 år i flokken. Skulen slakta ein del kalv og 1 1/2 år gamal bukk. Same tankane var framme i eit møte 14. juli 1981 der reindriftsagronom Lenvik og Johs. Tamnes og Espen Bø frå reindriftskontoret på Røros var til stades. På møtet orienterte Lenvik om korleis han meinte samansetjinga av reinsflokken burde vera. Det burde vera fleire simler og færre bukkar og ingen storbuk i ein tamrein flokk og fleire kalvar bør kunne slaktast. Årsmøtet i 1982 fekk ei orientering om overgang til ei anna samansetjing av flokken, noko som vart sett i gang dette året.


Samtidig med at denne omlegginga var på gang, ynskte dei tre rettleiarane å gjennomføre eit forskningsprosjekt der dei kunne samanlikne vekta på simla med vekta på kalven. Dermed kunne det vera mogleg å finne kva for årgangar som ga tyngste kalvane. Dersom projektet kunne gje eintydige svar, ville Lom ha god nytte av resultatet. Sidan laget hadde gått over til årgangsmerking i sytti-åra, var det lettare å fylgje med i alderssamansetjinga, noko ein hadde nytte av både ved forskingsarbeidet og ved utveljing av slaktedy. Alle kalvane var på vekta på slakteplassen og dei tyngste fekk leva medan dei mindre kalvane vart slakta. Det fyrste forsk-

ningsopplegget, som gjekk ut på å fylgje 150 simler og plukke ut nokre av dei til slakting og studere fosteret for å finne tidspunkt for bedekning, vart ikkje gjennomført. I samband med omlegginga av flokken vart det forska på kviger og kalv, og eit forsøk på å hindre kalvar å bli drektige, synte eit bra resultat. Berre 25 % av dei behandla kalvane vart med kalv, medan 75% av dei andre vart drektige. I 1984 hadde talet på bukk og bukkekallv kome ned i 16 % av flokken, noko som gjekk ned til 10 % i 1987. Men da hadde Tsjernobylulykka skapt ein ny situasjon og dette påverka flokkstrukturen og.

Tsjernobyl og nedfôring

Austaveret Sør-Noreg fekk etter brannen i atomreaktoren i Tsjernobyl våren 1986 førde store mengder radioaktivt nedfall inn over Jotunheimen. Regnveret var verst i dei austlege fjellområda og dermed vart det berre delar av Lom som vart hardt råka. Prøvetaking viste at grensa for det sterkaste nedfallet gjekk nettopp der regnversgrensa var, dei som ikkje fekk regnskurene fekk heller ikkje påvist særleg mykje radioaktivt nedfall. Og det var geit, sau og rein som beitte på dei plantene som tok opp i seg mest av dette nedfallet.

Regnet hadde falle over vårbeita reinen stod før og under kalvinga, og dette gjorde utslaget på dei fyrste målingane. På styremøte 15. juli 1986 vart det orientert om prøveresultata frå mai, der




både gjetarar og styre fekk greie på kor mykje radioaktivitet reinen hadde fått i seg etter Tsjernobylulykka. På dette tidspunktet kunne ikkje laget gjera noko, det måtte koma hjelp og rettleiing utanfrå. Og styresmaktene stilte opp med fagfolk og pengar for å hjelpe næringane både med rettleiing, forskning og dekking av tapet som jordbruket og reindriftsnæringa fekk fordi kjøtet ikkje kunne brukast.

Etter noko famling kom tiltaka i gang. Folk frå reindriftsadministrasjonen kunne hjelpe til med å måle radioaktiviteten og gje vomtablettar og på denne måten prøve å få bequerelltalet under den fastsette grensa. Det tok ei tid før slike tiltak ga resultat, men samanlikna med Vågå var Lom tamreinlag heldige. Dei to fyrste åra måtte kjøtet kasserast eller brukast til dyrefor, men laget fekk dekt tapet.

I Lom vart det nesten ikkje brukt kunstig nedfôring. Det synte seg at beitet i vestlege område

var så å seia fri for radioaktivitet, og laget kunne fløtja reinen åt Sålellstraktene og la reinen få frå 14 dagar til 3 veker med naturleg nedføring. Ved å ta haustslaktinga noko tidlegare, før reinen gjekk etter sopp og lav, fann dei at kjøtet kunne slaktast til menneskeføde.

Det radioaktive nedfallet som kom i den austlege delen av Jotunheimen påverkar drifta framleis. Det vart snart funne ut at vaksne dyr hadde lågare målingsutslag enn kalven. Dermed måtte det setjast på fleire bukkekalvar enn planen var, for å få fleire vaksne dyr fram til slakting. Så i 1988 var prosenten av bukk og bukkekalv komen opp i 35 % att og flokken hadde auka til 2472 dyr.







Samkvem og samarbeid

Skjåk tamreinlag var i gang lenge før fyrste tamrein flokken beitte i våre fjellområde. Protokollane fortel ikkje om det var søkt råd derifrå under førearbeidet før 1926, men ein må rekne med at dei som arbeidde ivrigast med organiseringa på tjuetalet, henta inn informasjon både beinveges og gjennom reininspektør Nissen. Grensefjella mot Skjåk gjer at flokkane ikkje vart særleg mykje blanda, trass i at Lom fyrst og fremst brukte dei vestlege fjellbeita dei fyrste åra. Skjåkværanane hadde viktigaste beiteområda sine lenger vest, så det var sjeldan at rein frå desse selskapa søkte same beiteplassane. Før og under krigen var båe laga opptekne med å minske rovdyrplaga. I 1940 gjorde Skjåk Tamreinlag framlegg om at laga burde gå saman om å betale gjensidig skotpremie for jerv som vart skoten i Lom eller Skjåk og styret i Lom vedtok å betale kr 100 for kvar jerv som vart drepen i Lom eller Skjåk. Det same gjorde Skjåk. Vågå kom med seinare slik at avtala kom til å gjelde heile Ottadalen.

Det er meir opne fjellområde til grannebygdene i sør. Det merka lomværanane alt under 1. verds-krigen, og etter at Lom Tamreinlag var i gang, og hadde teke Heimfjellet i bruk vinterstid. I 1929 vart laget meldt av Tyin Tamreinselskap for å ha slakta rein frå dette laget året før. I 1930 sende Lom brev åt Tyinlaget og ba dei hente att rein som hadde kome over åt Lom, elles ville reinen bli sett på som hittegoods. Det måtte avtal-er til for ordne opp i liknande tvistemål. I 1937

gjorde Valdres Reinselskap og Lom Tamreinlag ei avtale om framand rein på beite i grannekom-munane. Reinen kunne hentast ved haustslakt-inga. Det skulle betalast kr 10 pr. dyr for gjeting og laget skulle ha halvparten av kalvane etter dei simlene som det utanbygds laget fekk slakta. Ingen av partane kunne hente eigen rein frå andre lags beiteområde.

Da det vart planar om å skipa eit tamreinselskap i Vågå, fekk styret i Lom spørsmål om å selja livrein. Vågå fekk tilbod om få kjøpe 250 dyr. Styret kunne ikkje eller ville ikkje selja meir, og laget var alltid varsam med å kjøpe inn frå eller å selja rein til lag i grannekommunane. Slike dyr hadde ein tendens til å søkje attende til det fjellet dei kom frå.

Tamreinlaget i Vågå kom etterkvart til å bli ein samarbeidspartnar der Lom hadde røymslene og anlegga. Simen Bjørgen fortel at Vågå slakta mykje av reinen sin i Lom, fordi flokken trekte vestover. Og med så opne beitegrenser som det er mellom desse to bygdene, måtte det til ei lik-nande avtale mellom desse laga som mellom Lom og Valdres. Kva tid denne avtala vart gjort veit ein ikkje, kanskje mellom 1943 og 1953, ei periode der det manglar ein protokoll. I 1957 heiter det at dei kom fram til ei ny avtale med Vågå om framand rein i reinsflokkane. Denne avtala skulle gjelde berre eitt år, truleg fordi 1957 var eit spesielt år for Lom som var skulda for å ha så mykje rein på hi sida av grensa, og

vagværane meinte det same var tilfelle med dei ra rein. Derfor skulle ikkje Vågå tamreinlag betale hamneleige for rein som vart slakta i Lom. Vågå skulle få att 60 % av kalven etter dei vågåsimlene som vart slakta, med unntak av åring-simler. Same regelen skulle gjelde for lomsrein som vart slakta i Vågå. Ei anna avtale var på gang mellom Vågå og Lom. Båe laga hadde rein gåande i Gravafjellet. I 1957 vart vågåjetarane nekta å hente att rein herifrå. Vang kommune ville lyse ut reinsjakt i Eidbugardhamna. For å hindre dette, gjekk Vågå og Lom i 1958 saman om å leige denne private hamna av grunneigaren. Denne avtala gjeld framleis.

Same året vart Lom Tamreinlag med i landslaget for tamrein. Etter noko usemje om kor mykje Lom skulle betale i kontingent, vart medlemskapet ordna. Striden galdt kor mange rein som skulle vera grunnlag for utrekninga av kontingenten, sidan Lom i 1957 hadde stor reinsflokk fordi det hadde vore så vanskeleg å få reinen fram til slakteplassen.

Det var formannen i A/L Trio Tamreinlag, Ingvald Brudeli, som gjorde opptaket til denne samanslutninga av tamreinlag utanom reinbeitedistrikta. Han og styret i Trio såg at det måtte prøvast med samarbeid laga i mellom for å møte dei vanskar tamreindriften stridde med. Interesse for villrein var aukande og dei meinte at tamreindriften kunne tape i striden om utnyttinga av fjellbeita. Elleve lag hadde vedteke å skipa til

denne organisasjonen Lom medte seg inn i. Dette var fyrst og fremst Brudeli sin organisasjon, og etter at A/L Trio vart nedlagt, og noko av reinen selt til villrein, miste han noko av plattformen han hadde starta landslaget frå.

Samarbeidsoppgåver var det fleire av, lovverket var under revisjon, og tilskotsordningane var drøfta. Talet på medlemmer minka etter som fleire lag vart nedlagt. Landslaget for tamrein sovna inn.

Det var likevel aktuelt å halda fram med samarbeidet. Derfor møttest representantar for John Jonassen, Filefjell, Fram, Vågå og Lom saman med driftskonsulent Villmo 25. september 1976 på Jotunheimen Turiststasjon. Møtet vart halde i samband med at Lom Tamreinlag høgtida 50 års




Knut Lund frå Vågå, Kolbjørn Grindvold frå Lom og Ola Kasa frå Fram i Valdres i 1973.

drift. Det var semje om å skipa eit kontaktutval der formennene i kvart lag møttest og drøfta saker av felles interesse. Den nye reindriftslova var nok komen for langt til at det let seg gjera å påverka utforminga særleg mykje. Likevel var det viktig å samordna eventuelle utspel som laga fann grunn til å koma med til styresmaktene.

Dette kontaktutvalet er i funksjon framleis, som tamreinlaga sin talsmann i møte med styresmaktene. Det var viktig for desse laga at dei kom med i drøftingane om reindriftsavtalen som vart gjort i 1977, og kunne vera med å nyte godt av dei tilskot staten gjev til reindriftnæringa. Ny reindriftslov vart sett ut i livet i 1995, ei sak kontaktutvalet var mykje oppteke av, utan at ho har skapt dei store avisoverskriftene.



Knut Lund og Kolbjørn Grindvold på slaktning på Valdresfya.



Tamreinlaget og bygdafolket

Etter krigen vart reinslaktinga på Bøverkinnhalsen noko av ein attraksjon. Folk møtte opp for å sjå rein i tråa springe rundt og vente på dommen, slakting eller attende åt fjellet for ei tid. Av og til tykte styret det vart for mange koparar, og drøfta tiltak for å hindre at den store tilstrøyminga vanskeleggjorde arbeidet som skulle gjerast før reinsflokken kunne sleppast ut av inngjerdingane att.

Men tamreinlaget var og interessert i fram møtet frå bygdefolk som kom for å kjøpe reinskjøt, anten dei kjøpte heile dyr eller ein bog eller ei side til middagsbordet. Før krigen hjelpte kjøpmennene laget ved å ta opp tingingar på førehand, levere ut kjøtet og kassera inn betalinga. Enkelte kjøpmenn tykte nok dei burde hatt godtgjersle for denne handsrekninga. For mange huslydar var litt reinskjøt ein variasjon i kosthaldet, og høyrde med på same måten som saltsildotungen som og vart levert ved omførselshandel eller ved førehandstinging når hausten kom og



Ola M. Øyjordet. Han var kasserar for laget frå 1950 til 1970.

nypotetene kunne hentast frå åkeren. Det var heller ingen innan laget som hadde noko i mot at kjøt vart selt til bygdafolk, jamvel om mesteparten måtte pakkast og seljast i Oslo.

Det var kommunepolitikarane som hadde sett ein føremon i å starte tamreinlag. Dei fleste av desse var jordbrukarar som visste å utnytte fjellet, og var viljuge til å setja pengar inn i eit slikt tiltak. Korleis resten av bygdafolket reagerte på reinsdrifta veit ein ikkje. I mellomkrigstida var det positivt at det vart fleire arbeidsplassar å tevla om, fast arbeid heile året eller berre om sumaren vart sett pris på, og det var nok lett å finne karar som var viljuge til å arbeide med reinen, enda om det ville seia fråver frå familien i veker om gongen.

Det var heller ikkje vanskeleg å finne arbeidshjelp ved dei mange byggetiltaka laget sette i gang, anten det var nybygg eller vedlikehaldsarbeid. Og mange vart faste hjelparar når reinen skulle slaktast. Det var velkome med noko ekstraintekt inn i mellom. Seinare vart det kanskje like viktig å koma til fjells nokre dagar i eit kjent og spesielt miljø som denne arbeidsgjengen var. Ein kan merke seg at det var mange liingar med i denne arbeidsstokken, kom det av at det var mange bygdaslaktarar blant liingane?

Setereigarane prøvde å utnytte laget på fleire måtar. Mange, ofte andelseigarar og, var påpasselege til å melde skader som dei meinte

reinen hadde gjort på hafeller og seterkveer. Reinen gjorde nok skade, om gjetarane ikkje greidde å passe godt nok på, og slike skader vart godtgjorde av styret når dei ved sjølvsyn fekk høve til å slå fast at reinen hadde vore på farten. Likevel får ein av og til inntrykk av at klagene var gjengangarar, og ikkje alltid stod i samsvar med kva som hadde hendt. Det var fulla noko ein visste på førehand at beitande rein lett kan skape konflikt der beitande husdyr og har si gonge. Ingen ville ha reinen på sine setertrakter ut over våren og sumaren, og beiteavtalene med fjellstyret prøvde å regulere bruken av fjellet, slik at det vart få eller ingen konflikter beiteinteressene i mellom.

Dei som rekna seg for eigarar av fjell og fjellbeite, melde frå til styret at dei ikkje ynskte at reinen skulle hamnast der. I fall dette vart gjort, kom det krav om beiteavtale slik fjellstyret hadde gått med på i statsålmenna. Leikseterfjellet var frå fyrsten forbode område for tamrein. Dette skapte problem når laget fekk avtale med Lomseggen Sameige om bruken av resten av Lomsegga. Til slutt vart det ei beiteavtale som forenkla hamninga på dette samarbeidet. Det kom og krav frå ytre Visdalen og midtre Smådalen om liknande ordningar, men styret avviste dei i det dei viste til inngått avtale med fjellstyret.

Fyrste tilskotet til veganlegg kom i 1930. Da meldte komiteen for Leirdalsvegen seg til styret

i tamreinlaget og ba om tilskot til denne vegen, slik at han kunne setjast i stand til Halsen, og dermed koma til nytte om laget bygde slakteplass der. Vegstyret fekk kr 500 på vilkår av at laget fekk køyre avgiftsfritt. Seinare meldte interessentane i vegen til Hovde og vegstyret for vegen Hesthagen-Smørli seg i 1959. Desse fekk tilskot på same vilkår. I 1961 kom det søknad frå setervegen til Foss om kr 3000. Desse to siste vegane har vorte brukte meire i seinare tid, og tamreinlaget blir å rekne som andelseigar, med 10 andelar i veganlegget Graffer - Foss og 20 andelar i Smørlivegen. Dette skal dekkje køyring til og frå slakteplassane og den bruken gjetarane gjer av same vegane.

Fjellstyret skulle etter fjell-lova frå 1920 arbeide med utnytting av beite, jakt og fiske i statsålmenna, og er både motpart og samarbeidspart i fleire høve. Reinsgjetarane hadde og har bruk for både dei hyttene som laget har fått opp og dei som fjellstyret disponerar. Derfor har tamreinlaget vore med å koste påbygg og vedlikehald av fjellstyrehyttene ved Krossbu, i Storådalen og i Veodalen. Alt i 1930 vart hytta ved Krossbu ombygt og påbygt og i 1937 vart det teke eit tak med hytta i Storådalen. I Veodalen var styret interessert i å vera med på å byggje ei hengebru over Veo i nærleiken av Grønbua.

Ved fornyingar av beiteavtala var tamreinlaget og fjellstyret på kvar si side av bordet. Det var

berre i 82/83 at styret i tamreinlaget tykte at fjellstyret verkeleg var ein hard motpart. Etter den nye avtala auka hamneleiga frå kr 64 449 i 1982 til kr 114 590 i 1984, noko styret nok tykte var i høgste laget. Gjer ein eit grovt overslag ut frå dei taloppgåver som er tilgjengelege, så har Lom tamreinlag i desse 70 åra betalt inn minst 2.9 millionar hamneleige. Hamneleiga har vore ein fast inntektspost som fjellstyret kunne rekne med å bruke til dei oppgåvene dei kvar tid har måtta løyse. Spørsmålet om det har vore betalt nok er vurderingssak, og leiga har vorte fastsett av to partar som baa har eigne interesser å ta vare på.

Det som forsura tilhøvet mellom partane var striden om tolkinga av reglane om kven som var ugild i fjellstyret når tamreinlaget var den andre parten. Dessutan medverka ein villreinaksjon innan bygda til at tamreinstyret hadde inntrykk av å måtte forsvara seg, meir enn å tinge om ei beiteavtale.

Ser ein på fordelinga av andelane i tamreinlaget på dei tre sokna i bygda, finn ein at etter 1944 var 39 % ått av bøverdølar, 53 % av folk i hovudbygda og 7 % av andelseigarane budde i Garmo. Og denne fordelinga forklarar kanskje at underskriftlista har 61 namn frå Garmo, 49 liingar og 26 frå hovudbygda. Ingen bøverdølar vart spurde eller ville skrive under på oppmodinga om å gå over til villrein i fjellet sør for Ottaelva.



Å vera gjetar

Å gjete rein var eit nytt yrke for lomværane. Det måtte lærast. Ole Nilssen var med og hjelpte laget i gang i 1926, seinare overtok Lars Fjeldner og var overgjetar fram til 1939. Ola Krøkje og Torvald Synstnes vart med frå 1926 og etter ei tid kom fleire med, både innleigde utanfrå og innanbygds folk. Lønene låg høgre enn dei kunne rekne med å få ved anna arbeid, men arbeidet kunne vera både slitsamt og ansvarsfullt når reinen skulle haldast samla ved fløtjing mellom beiteområda og ved inndriving til jelking, merk-

ing eller slakting. Ole Nilssen hadde særavtale om fritt hus og kjøt og 2800 kr for tida mellom overtakinga av reinflokken frå Gjende Rein Co til over haustslaktinga. Ola Krøkje og Torvald Synstnes hadde 180 kr månaden etter 1.7. 1926. Dei måtte halda kosten sjølve, tamreinlaget måtte skaffe husvero i fjellet. Det vart leigt seterhus både på Neto, på Ytterdalen og ved turisthyttene Gjendebu og Memurubu. Styret gjorde vedtak om å bygge hytte i Leirvassbu, og når denne stod ferdig, var det vestlege Lomsfjellet nokså bra dekt. Det var her reinen gjekk fyrste tida, seinare vart austfjellet vinter og vårhamn, og det måtte leigast hus på setrane ved Tesse, attåt buene i Veodalen.

Simen Bjørgen var med og gjette sumaren 1937 og ei tid fram til jul det året. Han var heilårs-

gjetar frå 1938 til ut på våren 1945. Arbeidet kunne vera slitsamt tidomtil, men det var eit triveleg arbeid for den som likar eit fritt liv i fjellet. Særleg mykje arbeid hadde dei med å passe Vågågrensa, for der er det ope veg for reinen mest etter heile fellesgrensa. Derfor budde gjetarane i seterhuset Mo har på Nåvårsetra, for å vera nærast mogeleg. Gammelkarane budde på Nordsetra tidlegare, det var leigt husrom både på nordre Brimi-setra, systun Lyngve og gjetarane låg fleire vintrar på setra åt sygard Brimi. Beiteplanen var innarbeidd, og gjetarane rådde seg mykje sjølve når det galdt arbeidsopplegget og fordelde arbeidet seg i mellom. Trong reinen særskilt tilsyn, til dømes etter kalvinga, kunne berre ein av gjetarane reise ned i bygda for å handle inn.



Dagens gjetar med snøscooter og kjøredress. Reinen er den same. På bildet: Geir Egil Slettom.

Dei heldt seg sjølve med mat, klede og ski. Det var inga skigodtgjersle. Styret hjelpte til med å skaffe ski, for det var ikkje så enkelt under krigen, men prisen vart trekt av løna seinare. Dei hadde heller inga avtale om gratis reinkjøt, men det hende av og til naudslakting på grunn av fotbrot, og gjetarane nytta sjølvsagt dette kjøtet utan at nokon sa noko om det.

Å styre flokken var ikkje så vanskeleg. Greidde dei å hindre at rein gjekk over kommunegrensa, så var vintergjetinga grei. Av og til måtte dei hente att dyr i Vågå, og det var på Fuglseter at fyrste reinen vart skoten av Vågålensmannen. Det vart likare etter at Vågå fekk tamrein sjølve, bortsett frå at flokkane gjekk om einanan, så det måtte til ei skiljing ved slaktingane. Vågå Tamreinlag slakta ofte i Lom, for reinen deira hadde ein tendens til å trekke vestover.

Setereigarane var flinke til å klaga på reinen når ein flokk nærma seg setrane, og sume gonger vart skade eller ulovleg beite meldt til politiet. Simen Bjørgen meiner det var sjeldan det vart gjort særleg store skader, korkje ved beiting eller nedtrakking av seterkveer. Reinsfoten er slik skapt at klauvane gjer liten skade der dei blir sette ned. Noko skade kunne det bli på gjerda rundt kveene. Det var noko arbeid å passe bukkeflokken når det tok til å grønskast, for bukken lukta groen og flaug lange vegar for finne dei nye spirene. Dette kunne føre til at seterkveer drog åt seg mindre reinsflokkar. Derfor måtte

reinen fløtjast vestover innan ein fastsett dato.

Noko meirarbeid vart det da ein ulv herja i Jotunheimen og forstyrra flokken. Da måtte det vera dagleg tilsyn, og av og til såg dei etter reinsflokken om natta og. Nattgjeting var ikkje noko ukjent, i tretti-åra gjette dei ofte om natta, til og med på tråa, men det var for det meste etter at det hadde kome ein ny flokk med svenske rein. Det måtte skikkeleg arbeid til for å gjete nyreinen inn i flokken. Møtet med ulven som Simen og Gudbrand Myren hadde med ulven er omtala ein annan stad i dette skriftet.

Etter at kalvinga i Veodalen og Smådalen var over, kunne dei drive reinen vestover og på Sygnefjellet. Simen Bjørgen var ikkje med å gjete flokken på Lomseggen. Berre ein gong var han og Gudbrand Myren der for å leite opp og slakta ut ein dott med rymlingsrein som ikkje ville inn att i flokken. Dei skaut reinen inne på fjellet og drog skrottane ned gjennom eit gjel ned åt Sulheim. Om sumaren låg dei oftast ved Herva for å hindre reinen å trekke inn i Lusterfjella.

Simen klaga ikkje noko særleg på overnattingsplassane som styret skaffa, anten dei var bygde spesielt for tamreinlaget, utbygde saman med fjellstyret, eller det var hus laget leigde frå private. Han var formann i laget i 1960-åra, og hadde kanskje hendene fulle med sin del i temjinga av ein ustyrleg reinflokk, forsvara laget i

rettsaker eller motarbeide villrein i grannebygdene. Det vart mindre tid til intern utbygging utanom å fornye slakteplassen.

Sylfest Storlien og *Karl Fuglesteg* skryter ikkje beintfram av husvero gjetarane brukte. Dårlegast var stallhytta, seier Sylfest. Var det lite ved, måtte dei rive einer. Han fekk vera med å ta i bruk Nåvårhaughytta, som hadde sine manglar, elles brukte dei Grønbua, ei hytte i Storådalen og ei ved Krossbu. Dei to siste var vedlikehaldne i eit samarbeid med fjellstyret. Dei var elles inno i hytta ved Leirvasbu og på Halsen.

Dei var 6 gjetarar sumarstid og Sylfest låg som oftast på Memurutunga heile sumaren. Dei tok seg fram til fots om sumaren og på ski om vinteren. Det var ikkje nokor godtgjersle for moped eller motorsykkel brukt i fjellet, og desse vart mest brukt ved bort- og heimreise. Det vart utbetalt reisegodtgjersle etter rekning. Det var ikkje nokor fast arbeidstid, eller avtale om fritid eller ferie.

Kvar 14. dag måtte dei som oftast ned i bygda og proviantere, og bera alt på ryggen attende til hytta dei låg i. I månadsfiset november/desember 1954 låg gjetarane og reinsflokken verfaste ved Blåtjønnene. Dei var på veg til Halsen for vinterslakting og vart etter omlag ei veke matlause. Det var dårleg ver, men Sylfest Storlien og Sverre Holtan tok på veg til bygds for å handle. Dei gjekk over Tjønnholet til Veodalen.

Det var styggever og det mørkna, så dei fann ikkje Stall-hytta. Hundane deira vart borte for dei, så dei var truleg ikkje langt unna hytta. Dei gjekk seg på Heranosbua og sat der natta over.

Sylfest Storlien gjette i 1950-åra, da det var kontraktgjeting, ei ordning vi har høyrte gjetarane helst såg vart avvikla. Slakteplanane var vel å ta ut høvelege slaktedyrt frå flokken gjetarane greidde å samle og få inn i tråa, det vart ikkje gjort som i 1949, da dei prøvde å slakte ut eldre,



Sylfest Storlien og Randi Stålien.

noko ustyrleg rein. Resultatet var at ein del av flokken var for gamal, og hadde gått så lenge på same plassen, at han hadde vorte stadbunden. Flokken vart etterkvart for stor, så ei anna slakteplan hadde nok vore på sin plass.

Sylfest Storlien var med på å samle dei spreidde flokkane i 1958, og etter nattgjeting av hovudflokken vart det slakta ut all gamal rein dei kom over. Etter dette året arbeidde han som overgjetar i Vågå i meir enn tretti år. Da han vart spurdt om

kvar det vart best å gjete, svara han Lom. Vågå-fjellet ligg ope til alle kantar, utan naturlege stengsler slik Lomsfjellet har.

Karl Fuglesteg vart beden om å overta overgjetarjobben i 1958. Det fyrste arbeidsåret hans er omtala i ein annan samanheng. Etter utslaktninga i 1958 var reinsflokkene styrande, men dei heldt fram med nattgjeting i tre-fire veker om sumaren for å ha betre styring. Med hjelp av brukbare hundar gjekk alt som det skulle.



Nils Repp.

Styret og gjetarane fylgde beiteplanen, men elles var ikkje gjetarane med på særleg mykje planlegging av drifta. Dei fylgde den vanlege årsrytma, og fordelte arbeidet mellom seg. Samarbeidet gjetarane i mellom var bra. Gjetarane brukte motorsykel eller bil inn i fjellet, men noko spørsmål om tilskot til køyringa vart ikkje teke opp før i 1969. I fjellet var det å bruke føtene for å ta seg fram, og bera med seg proviant og sovepose frå hytte til hytte. Det var litt sengekledde på Halsen, men elles svært lite utstyr i

sengene rundt om kring. Og ofte var det trengt om plassen, til dømes i Sålell, ei hytte som opphavsleg var tenkt oppsett ved Heilstugu, men som vart køyrt inn i Sålell i 1942. Nyaste hytta, Nåvårhaugen, var plassert for langt unna nokor vasskjelde eller grov til at gjetarane fann hytta lett å bruke. Sygardssetra i Visdalen vart og brukt, utan at Fuglesteg veit om det var gjort nokor avtale om dette.

Vinterstid var framkomstmidlet ski, og det vart



Tore Skamsdalen, Karl Fuglesteg og Ivar Mork på Nåvårhaugen i 1960.

slite ut to-tre par ski kvar vinter, avhengig av føret. Å vera gjetar kunne vera hardt arbeid, særleg ved samlingane. Til andre tider kunne gjetarane få rolege stunder, men dei hørte til i fjellet året rundt, utan ordna ferie eller fritid. Slikt var det meininga at gjetarane skulle ordne sinst i mellom.

Asbjørn Hansen har vore gjetar sidan 1972 og har opplevd dei største endringane både når det gjeld reinsflokkene og dei vilkåra gjetarane arbei-

der under. Det er tidlegare nemnt at spørsmålet om tilskot til bruk av motorsykkkel vart lagt fram for styret i 1969, og at kjøp av snøskuter vart teke opp i 1970. Bilen kom snart i staden for motorsykkelen, og bilgodtgjersle og tilskot til bruk av snøskuter er frå 1980-åra faste utgifts-postar i rekneskapen.

Gjetarane fylgjer den gamle beiteplanen, men både omlegging av flokkstrukturen og mykje attåtårbeid etter at delar av Lomsfjellet fekk si



Tore Skamsdalen, Christian Vole, Jakob Øien og Ivar Mork.



Asbjørn Hansen



Jan Stokstad



Nattgjeting, Arvid Dalåmo, Asbjørn Hansen og Torfinn Sperstad.

kvote av radioaktivt nedfall, har påverka arbeidssituasjonen åt gjetarane. Dette har og ført til eit tettare samarbeid mellom styret og gjetarane. Før hende det at overgjetaren var innkalla til styremøta for å drøfta eller høyre styret sitt syn på drifta, eller for å koma fram til ordningar som galdt gjetarane.

Stundom vart overgjetaren brukt som konsulent eller planleggjar ved bygging eller fløtjing av reinstråer. No er det meir vanleg at alle gjetarane

blir tekne med på råd ved planlegging av anlegg og når drifta skal drøftast. Båe partar har nytte av orienterings- og drøftingsmøta. Dette gjeld like mykje den daglege drifta som ved dei to store sakene som har påverka handteringa av reinsflokken dei siste tjue åra, omlegginga til ei anna samansetjing av reinsflokken og tiltaka som måtte til etter det radioaktive nedfallet i 1986. Snøskuteren har gjort vintergjetinga meir effektiv. Dette er eit hjelpemiddel som har gjort arbeidet lettare og det er enklare å halda reinen samla.

Det er nokre restriksjonar på bruken av snøskuter, dei treng spesielle skilt som viser at dei er godkjende til bruk i Nasjonalparken. Ingen andre skuterar kan takast i bruk. Og helikopteret har vore i bruk ved innspurten av reinsamlingane, men berre opp til 3 timar kvart år. Andre lag brukar helikopter meir enn Lom.

I tillegg til bil- og skutergodtgjersle får gjetarane tilskot frå laget til spesialutstyr gjetarane treng, t.d. til ski, kikkert og hundehald. Dette ut-

gjer mellom 11-12000 kr åt kvar mann for året. Reinshyttene har gjennomgått mange forbe-tringar dei siste tjue åra. Sylvebua og hytta på Halsen har svært god standard, i Sålell kom det opp ny hytte i 1995, ho vart teken i bruk ved vinterslaktinga på førjulsvinteren. Hyttene har bra med sengeutstyr, det finst propankjøleskåp til maten og ved Sylvabua er det bygt skuterstall. Tamreinlaget teikna ulykkesforsikring i 1985, som gjeld gjetarar, ekstrahjelp og folk som er med under merking og slakting. Fyrste gongen

ei slik kollektiv forsikring vart drøfta var i 1960, og i 1961 vart formannen beden om å tinge polise der trygdelaget kunne betale ut opp til 100 000 kr ved personskade og kr 20 000 ved ting-skade. Avtala frå 1985 opna for ei utbetaling på 150 000 kr ved død og 300 000 kr ved invali-ditet. Det vart og ordna med ei ansvarsforsikring mot eventuelle krav frå tredjemann. Gjetarane avtalar framleis seg i mellom om ar-beidsopplegget og fordeler feriar og fritid seg i mellom utan at styret går inn som avtalepartnar.



70 år med tamrein

I mellomkrigstida var tamreindrift ei ny næring i Lom. Ein må rekne med at sume av bygdafolket var noko tvilande til tiltaket, utan at det er registrert at nokon målbar tvil eller motførestellingar korkje i drøftingane i heradstyret før vedtak om igangsetjing vart gjort i 1925, eller mellom bygdafolk elles. Reinen skulle utnytte eit beite som var ubrukt, men fekk ikkje fjellet for seg sjølv. Tamreinlaget laut tilpasse seg den tradisjonelle bruken av høg fjellet, slik at anna utnytting ikkje vart hindra eller vart skadelidande. Laget kom i gang i ei periode da jordbruket var svært avhengig av å kunne bruke fjellet sumars tid både til seterdrift og beite for lausfe. Det er difor grunn til å tru at seterbrukarane var tvilande til å få ein flokk rein inn på dei fjellbeita dei rekna som sine eigne, når dei gjennom lang tid hadde passa på som smedar når fe frå andre beiteområde prøvde seg på område dei etter gamalt ikkje hadde rett til å vera.

Og om dei som sat med dei tradisjonelle bruksrettane ikkje direkte sette seg i mot tamreindriften, var dei påpasselege til å melde frå om dei meinte at reinen gjorde skade på beitet bufeet hadde einerett på, trakka ned hafeller eller gnog snaue seter kvever gardbrukarane rekna med å hente noko av vinterføret frå. Og dei visste at dei hadde fjellstyret med seg når slike klager vart sende åt styret i tamreinlaget, for beitekontrakta mellom fjellstyret og Lom tamreinlag sette visse avgrensingar på bruken av fjellet. Særleg var fløtjing frå vinterbeite til sumararbeite

kvar vår eit vilkår laget måtte ta omsyn til frå fyrste stund. Tamreinlaget såg helst at kalvinga var vel overstått for ei slik fløtjing kom på tale og fjellstyret og setereigarar såg helst at reinen vart borte frå sumarbeita så tidleg på våren at reinen ikkje vanst å eta opp for bufeet som kom til fjells fyrst på sumaren. Beiteavtala sette andre avgrensingar for tamreinen og. Det beitet som laget fekk ta i bruk kunne ikkje tåle større reinsflokk enn at lav og gras kunne fornye seg frå år til år. Korkje fjellstyret eller tamreinlaget var interessert i at høg fjellet vart snaugnage etter fåe år, og hadde ei felles interesse i at reinsflokk-en kunne haldast passe stor. Stor nok til at baa partar kunne hente ut inntekter av drifta, men ikkje større enn at beiteareala tåla utnyttinga.

Aktiviteten innan tamreinlaget har alltid vore avgrensa av tilbodet på beite. Lom Tamreinlag er difor ei bedrift som ikkje så lett let seg samanlikne med bedrifter i andre næringar. Tamreindrift er ikkje eit tiltak som kan setjast i gang i det små for seinare å bli utvida med aukande produksjon og omsetnad og med fleire og fleire tilsette i takt med utviklinga. Så fort reinsflokk-en vart så stor at beitet kunne utnyttast optimalt, kunne ikkje tamreinlaget planleggje nokon auke. Det ville vera å øydeleggje for framtidig næringsverksemd.

Fram til 1930 var reinsflokk-en kring 1000 dyr. Litt meir enn det som tamreinemnda rekna som naudsynt for at drifta skulle bera seg. Drifta

måtte få gå seg til. Laget måtte ha nokre læreår før dei våga seg på å handtere ein større reinsflokk. Fyrste ti-året kan ein tala om ei utvikling, om aukande aktivitet og omsetnad og om auke i behovet for arbeidshjelp heile eller delar av året, eller ved dei årlege slaktingane. Frå 1930 kunne dei ta neste stega på vegen fram til ein flokk som kunne utnytte beitet og kunne gje overskot åt aksjeeigarane som hadde skaffa kapitalen bak tiltaket.

Det tok eit titals år å få bygt opp ein flokk på om lag 2000 dyr. Ein flokk dei meinte kunne leva av det reinsbeitet som finst i vår del av Jotunheimen. Driftsåra mellom 1926 og 1936 kan derfor kallast ein oppbyggingsperiode. I den tida vart det investert i ny rein, nye hus og utprøvd driftsmåtar som kunne førast vidare i komande ti-år. Så fort laget nådde det som vart rekna som ein høveleg stor flokk tamrein, er det andre faktorar som har vore med å fastsetja driftsresultatet.

Chr. Grindvoll nemnde i 1936 fleire faktorar som var med på å avgjera om tamreindriften skulle bli vellykka. Laget har hatt ein fast aksjekapital som arbeidsgrunnlag og rammene for reindriften har vore faste. Det er beitet tamreinelaget disponerar som avgrensar talet på beitedyr og dermed avgjer kor mykje som kan hentast ut i utbytte kvart år. Risikofaktorane drifta førde med seg var kjende frå fyrste stund, og vart i 1936 nemnde som vanskeleg terreng, ver-

føretilhøve som mogelege årsaker til uhell og ulykker som verka inn på driftsresultatet. Driftskostnadene og prisen på kjøt kan gjera at resultatet kan variera. Det er ikkje føremålsenleg å laga tabellar over drifta gjennom desse 70 åra. Ein får ikkje med alle faktorane som har vore med å avgjera kva for driftsresultat styret kunne leggje fram for årsmøtet. Dessutan er nok måten å føre rekneskap på ulik i 1930-åra og i 1980- og 90-åra. Utgiftspostane inneheld ikkje alltid det same, og er dermed uråd å samanlikna.


Noko kan utbetaling av utbytte fortelja oss.

Etter krigen kan ein velje å sjå på utbetaling av utbytte fjerdekvart år.


Tala fortel at drifta har gått bra dei fleste åra tala er henta frå. Stort meir bør ein ikkje leggja inn i nokor tolking. Skal ein samanlikne åra før og etter krigen må ein ha i minnet at andelane heile tida har vore rekna i 100 kr medan pengeverdien

Utbytte 1926-1940

Frå 1940 var det utbytteregulering, noko styret greidde å omgå i slutten av 1940, da dei betalde ut pengar til aksjeeigarane under påskot av at dei trong kontantar, og laget fekk låg rente på midlane det hadde ståande inne.



Utbytte 1951-1995
Åra er valde fordi opplysningane låg tilgjengeleg i årsmeldingar, ikkje for å gøyme bort noko år eller dra fram år med gode resultat.



har minka svært mykje på 70 år. Det må ei omrekning til før ein kan seia noko om 35% utbytte i 1937 er meir eller mindre enn 300% utbytte i 1995. Det faktum at laget har kunna slakta så mykje dei fleste driftsåra at andelseigarane har fått utbetalt noko for vågnaden med å ha andelar, viser at føresetnadene frå 1920-åra har vorte oppfylte. Dei som sette det heile i gang ynskde å utnytte ubrukte fjellbeite og halde aksjane innan bygda slik at forteneista vart att i Lom. At det kunne bli arbeidsplassar av tiltaket var og noko av føremålet med at kommunestyret arbeidde så aktivt for å få organsiert eit reinselskap. Styre og andelseigarar har halde drifta i gang gjennom desse åra trass i uhell med flokken, større eller mindre beitekonflikter og aukande offentleg krav til behandlinga av reinskjøtet. Kravet til reinsemd på slakteplassen har vore bakgrunn for kostbare ombyggingar.

Laget har fått godkjent slakteopplegget og har kunna levere kvalitetsprodukt til ein kravstor marknad.

Sidan tamreindrift har vorte rekna som ei av primærnæringane, har statstilskot etter reindriftsavtala gjort at laget har skapt overskot og det har vorte bra med utbytte åt eigarane. Driftsresultata er nok ikkje berre skapt av statstilskot åleine. Aktivt og vellykka arbeid av gjetarar og styre har i stor mon æra for at laget er, slik ein av forskarane frå Reindriftskontoret på Røros ordla seg; eitt av dei best drivne tamreinlaga i Norden.

Tillitsmenn

Sidan ikkje alle protokollane er tilgjengelege, og ein ikkje har årsmeldingar for perioden 1943-1947, er det uråd å liste opp alle styremedlemene som har arbeidt for laget. Her må ein greie seg med ei liste med formenn. For tida mellom 1945 og 1952 har ein bygd på ei liste som vart laga i 1970-åra.

Rekneskapsførarar:

1926	Kristen Lund, både formann og kasserar.
1927-1943(?)	Kristen Runningen
1943-1946	Halvor O. Slålien
1947-1948	Erling Lyngved
1949-1970	Ola M. Øyjordet
1970-	Guttorm Myren

Formenn aksjeselskapet:

1926	Kristen Lund
1927-28	Per Kvandalsvold
1929-30	Kristen Lund
1931-35	Per Gaupar
1936-38	Christian Grindvold

1939	Halvor O. Slålien
1940-41	Christian Grindvold
1942-43	Per Gaupar
1943-45	Per Gaupar, for avviklingsstyret

Formenn andelslaget:

1943-1945	Christian Grindvold
1945-1947	Gudbrand Myren
1948	Per Kvandalsvoll
1949	Kristen Runningen
1950-1951	Hans Graffer
1952-1955	Kristen Nørstnes
1956-1957	Christian Grindvold. (Jo Vole fungerte siste halvåret.)
1958-1972	Simen Bjørgen
1973-1982	Kolbjørn Grindvold
1983-1992	Magnar Mundhjeld
1993-	Eilev Graffer

Overgjetarar 1926-1996:

1926	Ole Nilsen
1927-1939	Lars Fjeldner
1940-1942	Gudbrand Myren
1943-1954	Paulus Holtan

(Knut Bjørgen fungerte nokre månader i 1950.)



Frå 1948 til 1957 var det kontraktgjeting, fyrst Paulus Holtan einsleg, seinare vart det gjort avtale med fleire gjetarar. I lista er berre ein ført opp som overgjetar.

1955- til august	Paulus Krøys
1956	Jonas Danielsen
1957	Arthur Holtan
1958-1969	Karl Fuglesteg
1970-1980	Nils Repp
1981-1982	Lars Brandsfjell og Arvid Dalåmo
1983-1985	Arvid Dalåmo
1986-1990	Anders Fjellheim
1991-1995	Asbjørn Hansen
1996-	Jan Stokstad

Litteratur:

Ingvald Brudeli(red): Norsk tamreindrift (1959)
Amund Helland: Kristians Amt (1913)
Øystein Mølmen: Jakt og fangstkulturen i Skjåk og Finndalsfjellet (1988)
Øystein Mølmen (red): Ottadalsreinen (1991)
Kristian Nissen: Norsk Vildrenstatikk (1920)
og reisedagbøker 1920
Ivar A. Opdal : Tamreindrift og fjellfok (1956)
Grete Sjurgard: Vågå Tamreinlag A/L 50 år.(1992)

Takk for lån av fotografi:

Jan Stokstad, Arvid Dalåmo, Tore Skamsdal, Else Ringebo, Christian Vole, Lom Knipselag/Torleif Brenna/Åmund Elveseter, Kolbjørn Grindvoll, Visus, Grete Sjurgard, Magnar Hansen, Eilev Graffer, Asbjørn Hansen, Rita Vassdokken, Astrid Soglo, GLT og Dagningen: Kristian Hosar/Arnt Sveen/Ketil Sandviken/andre.

Illustrasjonar:
Herbjørn Skogstad og Torbjørn Mathisen.